



# Årsrapport for tilsyn 2015

*Jan Henning L'Abée-Lund, Hanne Nordang Solum*

35  
2016

R A P P O R T



# Rapport nr 35-2016

## Årsrapport for tilsyn 2015

**Utgitt av:** Norges vassdrags- og energidirektorat

**Redaktør:** Jan Henning L'Abée-Lund, Hanne Nordang Solum

**Forfattere:** Jan Henning L'Abée-Lund, Thor Martin Neurauter, Kristoffer Skogseid

**Trykk:** NVEs hstrykkeri

**Opplag:** 100

**Forsidefoto:** Rune Engesæter, NVE

**ISBN**

**ISSN** 1501-2832

**Sammendrag:** Rapporten gir ei oversikt over tilsyns- og reaksjonsverksemda til NVE i 2015.

**Emneord:** Kontroll, tilsyn, revisjon, inspeksjon, innrapportering, reaksjon, avvik

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95

Telefaks: 22 95 90 00

Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Mars 2016



*Reinsbukk på feil side av reingjerdet rundt Hammerfest ved Hammerfest trafo.*

# Innhald

---

Forord	s. 7
Kapittel 1. Tilsynsverksemda til NVE	s. 8
Kapittel 2. Hovudfunn	s. 12
Kapittel 3. Innrapporteringar	s. 16
Kapittel 4. Reaksjonar ved brot	s. 23
	s. 27
Kapittel 5. Gjennomgang av dei ulike tilsynsområda	
A Vassdrag	s. 26
5.1 Sikkerheit ved dammar og andre vassdragsanlegg	s. 27
5.2 Miljøkrav ved bygging og drift av vassdragsanlegg	s. 28
B Energiforsyning	s. 30
5.3 Kraftforsyningsberedskap	s. 30
5.4 Overføringsanlegg - drift og vedlikehald	s. 31
5.5 Fjernvarmeanlegg	s. 32
5.6 Kraftsystemutgreiingar	s. 32
5.7 Rasjoneringsplanar	s. 33
5.8 Statnett si utøving av systemansvaret	s. 34
5.9 Kraftmarknadsåtferd	s. 34

5.10 Marknads plass for kraftomsetning	s. 35
5.11 Utanlandshandel	s. 36
5.12 Tariffering/nettleige, anleggsbidrag og tilknytingsplikt	s. 36
5.13 Økonomisk og teknisk rapportering	s. 38
5.14 Leveringskvalitet og feilanalyse	s. 39
5.15 Elsertifikat	s. 40
5.16 Prising av sertifikatkostnad i sluttbrukarmarknaden	s. 41
5.17 Miljøtilsyn ved energianlegg	s. 42
C Energimerking og energibruk	s. 42
5.18 Energimerking av bygn. og energivurd. av tekniske anlegg i bygn.	s. 42
5.19 Energimerking av produkt	s. 44
5.20 Økodesign - sparepærer og TV	s. 45
Kapittel 6. Omgrep av avvik og merknader	s. 47
Kapittel 7. Heimlar og tilsynsgrunnlag i 2015	s. 48



# Forord

Det er stor aktivitet innanfor vassdrags- og energisektoren, og NVE utfører omfattande kontrolloppgåver. NVE har eit vidtrekkande ansvar for tilsyn innanfor vassdrags- og energilovgjevinga og anna energirelatert regelverk. Kontroll og andre oppfølgingstiltak med etterfølgande reaksjonsbruk er heilt naudsynt for å sikre at ein når målsetjingane med regelverket, og at krav i regelverk og vedtak blir følgde.

NVE har kontrollert 20 fagområde i 2015. Fleire av områda skal sikre at viktige norske samfunnsverdiar blir ivaretakne. Dette gjeld for eksempel forsyningssikkerheit og at energimarknaden fungerer, at omsyna til sikkerheit, miljø og landskap blir ivaretakne ved bygging og drift av vassdrags- og energianlegg, og at dei mange krava frå EU knytt til energisektoren blir etterlevd. Det kan gje betydeleg skade dersom krava som er sett ikkje blir følgt av aktørane.

NVE er oppteken av at avdekte avvik skal følgast opp med føremålstenlege reaksjonar. Dei siste åra har vi meir aktivt teke i bruk formelle reaksjonar ved alvorlege brot på dei krav som gjeld. Reaksjonsbruk har effekt på den konkrete verksemda, men også utover den konkrete saka. Bruk av for eksempel lovbrotsgebyr i ei sak får mykje merksemd i media og hos andre aktørar innanfor same fagområde. Dette viser at det må vere eit tett samspel mellom kontroll og reaksjonsbruk for å sikre at dei gjeldande krava blir følgde opp av aktørane innanfor vassdrags- og energisektoren.

Føremålet med denne rapporten er å gje vassdrags- og energibransjen, allmenta, forbrukarar, myndigheter og politikarar innsikt i den samla tilsynsaktiviteten i NVE. Dette dekker både ulike former for kontroll og oppfølging, og etterfølgande reaksjonsbruk dersom avvik frå krava blir avdekkta.

Å formidle kva vi gjer og kva vi finn gjennom tilsynet vårt, er med på å styrke effekten av det vi gjer.

Oslo mars 2016

Per Sanderud  
vassdrags- og energidirektør



# 1. Tilsynsverksemda til NVE

NVE har et vidtrekkande kontrollansvar innanfor sentrale samfunnsområde. Tilsyn er ei gemyndighetsrolle. I NVE er styring av sektoren og tilsyn med sektoren samla. Tilsynet må ha autoritet og vere føreseileg, og vi i NVE jobbar vi systematisk for at desse premissane skal vere til stades i tilsynsverksemda vår.

## 1.1 Samanheng mellom tilsyn og anna verksemder

Det overordna målet med tilsynsverksemda er å sikre at ein når målsetjingane med styringa av vassdrags- og energisektoren, og at krava i regelverk og vedtak blir følgde. Tilsyn er ein viktig del av den totale reguleringa av sektoren, og utfyller dei andre verkemidla NVE har. NVE bruker både direkteregulering (set spesifikke krav) og insentivregulering (set mål). Tilsyn føreset at det ligg føre definerte krav å kontrollere opp mot.

NVE definerer tilsyn som aktivitet med eit uttala og klart kontrollerande formål, og med oppfølging av eventuelle dokumenterte avvik. NVE følger opp dei einskilde aktørane og tiltaka innan vassdrags- og energisektoren også på andre måtar enn ved tilsyn. I ein vid definisjon av tilsyn reknast denne oppfølginga som tilsyn, ettersom også denne oppfølginga har som føremål å sikre at dei krava som er sett i konsesjonar eller regelverk blir følgde. For eksempel godkjenner NVE detaljerte planar for miljø og landskap ved nybygging av vassdrags- og energianlegg for å sikre at tiltaket held seg innanfor rammene i konsesjonen. NVE får også ulike rapportar og planar fra aktørane til gjennomgang og eventuelt godkjenning, for eksempel kraftsystemutgreiingar (KSU) og flaumberekningar knytta til dammar. Ved større utfall i straumforsyninga skal nettselskapet sende inn ein rapport i ettertid, der årsak til hendinga og selskapets handtering skal beskrivast. Både gjennom eRapp og i innrapporteringsordninga for dammar får NVE årleg inn sentral informasjon

og data fra aktørane. Slike innsendingskrav og godkjenningsordninga vil, saman med tilsynsaktiviteten, inngå i den samla oppfølginga NVE har med aktørane og tiltaka. Når NVE skal velje kven som skal kontrollerast, vil like fullt informasjon frå slike kjelder nyttast.

Slik vi ser det, er dei viktigaste gevinstane av tilsyn kontolleffekten og at det er ei kunnskapskjelde. Gjennom tilsynet blir det kontrollert at krava som er sett faktisk blir følt av den einskilde aktøren. Dersom det ikkje er tilfelle, blir det ei oppfølging av denne. Like viktig er det at tilsynet gir breiare kunnskap om tilhøva og utviklinga innanfor eit fagområde. Dette gir grunnlag for å vurdere om krava som er sett har ønska effekt, eller om innhaldet eller innretninga på krava bør endrast for framtida. Slik kunnskap er naudsynt i NVEs rolle som sektormyndighet og fagleg rådgjevar for OED og andre myndigheter. Samstundes får aktørane informasjon og rettleiing om regelverket gjennom tilsynet. Kunnskapsgevisten av tilsyn innanfor eit fagområde føreset eit visst volum på tilsynsverksemda.

## 1.2 Kontrollar

NVEs tilsynsverksemd er omfattande og rettar seg mot konsesjonærar, dameigarar, nettselskap og kommunar. Tilsynsverksemda i 2015 omfattar, som tidlegare år, vassdraganlegg, energiforsyning og energibruk. Valet av tilsynsobjekt og kontrolltema er basert på mellom anna risiko, erfaringar, hendingar og at det er eit utval av føretak av ulik storleik og type.

I gjennomføring av kontroll brukar NVE ei rekke metodar. Desse er skildra i «Styrande dokument for kontroll og reaksjonsbruk i NVE». Metodevalet må tilpassast det som mest effektivt avdekkjer det NVE ønskjer å kontrollere på det aktuelle fagfeltet, og også om ein ønskjer å kontrollere ein bestemt aktør eller fleire/alle innanfor eit saksfelt.

Dei viktigaste kontrollmetodane NVE bruker, er revisjon og inspeksjon. Revisjon er ein grundig og uavhengig, systematisk og dokumentert gjennomgang av dokumentasjon og krav retta mot eit selskap, delar av eit selskap eller ein konsesjonær. I mange tilfelle blir utvalde delar av eit anlegg inspisert i samband med revisjonen.

Inspeksjon er ein uavhengig og dokumentert fysisk kontroll av anlegg, opplysningar eller system. Stadlege inspeksjonar er den kontrollmetoden som har størst omfang. I slike høve blir konsesjonen eller anna løyve sjekka ut i felt.


NVE bruker dessutan andre metodar, for eksempel laboratorietesting av kvitevarer, kartlegging retta mot fleire aktørar samtidig ved hjelp av spørjeundersøkingar, skriftlege kontrollar, gjennomgang av aktørane sine nettsider eller samanstilling av innhenta eller innrapportert dokumentasjon eller opplysningar frå aktørane.

Erfaringa vår er at variasjonen i val av kontrollmetode er føremålstenleg og naudsynt for å kunne kontrollere eit tilstrekkeleg tal på aktørar innanfor dei ressursrammene vi har. Revisjonar gir den grundigaste gjennomgangen, men er samstundes mest ressurskrevjande å gjennomføre. Skriftleg kontroll, spørjeundersøkingar og inspeksjonar vil dekke langt fleire aktørar. Den samla kontrollverksemda sørger for at vi kvart år på ein eller annan måte kontrollerer og følger opp mange aktørar innanfor vassdrags- og energisektoren. Ut i frå den høge aktiviteten det er på området ser vi det som heilt naudsynt.

## 1.3 Reaksjonar - ein viktig del av tilsynsverksemda

Reaksjonar er eit felles omgrep for dei handlingane og verkemidla NVE rår over når det blir konstatert brot på regelverkskrav eller vedtak NVE har fatta. Reaksjonsmidlane NVE forvaltar er i hovudsak heimla i energilova, vassressurslova og vassdragsreguleringslova. Vedtak om reaksjonar er til dømes vedtak om at ulovlege forhold skal rettast opp (retting) og vedtak om tvangsmulkt for å framvinge retting. Lovbrotsgebyr og melding til politiet er dei sterkeste reaksjonsmidlane NVE rår over, i tillegg til at konsesjonar og andre løyve og godkjenningar kan trekkast tilbake.

Alvorlege brot på regelverket eller andre myndighetskrav blir ofte avdekt ved kontroll på staden. Slike brot kan også avdekkast på andre måtar, for eksempel i etterkant av ulukker eller andre alvorlege hendingar, gjennom saksbehandling av søknader, ved gjennomgang av innsendte opplysningar og data, eller gjennom tips frå allmenta og frå andre forvaltingsorgan.



Inntak til Drivdal kraftverk.

Kontroll og reaksjonar må spele saman for å sikre at dei krava myndighetene har sett gjennom regelverk og vedtak blir følgde av aktørane. Bruk av reaksjonar er naudsynt for å lukke avvik og sikre at dei krav som er sett blir etterlevd. Dersom brot som blir oppdaga ikkje får konsekvensar, vil det svekke etterlevinga. Det er også viktig av omsyn til dei andre aktørane som følger krava at brot blir følt opp, elles blir tilliten til heile styringa med sektoren svekka. Nokre typar regelsverksbrot er dessutan økonomisk sett svært lønsame. NVE har dei seinare åra lagt vekt på å følge opp gjennom bruk av formelle reaksjonar der vi avdekker brot som har gitt høg økonomisk forteneste.

## 1.4 Koordinering av tilsyn i NVE

NVE har i 2015 kontrollert 20 område. Tilsynsområda er svært ulike og blir følt opp av tre fagavdelingar i NVE. Ei eiga intern gruppe er oppretta for å ivareta koordineringa. NVE meiner sjølv vi har god kontroll på koordineringa av kontrollverksemda og reaksjonsbruken til NVE. Det blir utarbeida ein samla revisjonsplan og ein samla handlingsplan årleg, der prioriterte kontrolltema går fram. Handlingsplanen er å finne på [www.nve.no](http://www.nve.no). Det er utarbeida felles prosedyrer som skal følgast på alle tilsynsområde, og det er årleg felles tilsyns- og reaksjonskurs internt i NVE.

I 2015 vart felles prosedyre for kontroll og reaksjonar i NVE revidert. I prosedyrane blir dei ulike kontrollmetodane omtala, og også kva slags reaksjonar som kan nyttast i dei ulike situasjonar.

## 1.5 Samarbeid med andre tilsynsorgan

NVE og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) har sidan 2008 hatt eit felles tilsynsforum. Vi har i 2015 mellom anna hatt samtidige kontrollar og felles fagseminar. På beredskapssida har NVE eit tett samarbeid med Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom, tidlegare Post- og teletilsynet) og gjennomførte eit felles prøvetilsyn i 2015.

NVE samarbeider dessutan med Konkurranse-tilsynet og Finanstilsynet om tilsyn med kraftmarknaden, og Miljødirektoratet og Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) når det gjeld energimerketilsyn. NVE har delteke i Nasjonalt miljøforum, som har representantar frå Økokrim, Riksadvokaten og ulike tilsynsorgan. Forumet fokuserer på bruk av reaksjonar ved brot på miljølovgjevinga. Arbeid innanfor desse samarbeidsorgana gir gode høve til deling av erfaring og kunnskap.



Vindsjø-magasinet.

## 2. Hovudfunn

*Revisjonar er den mest ressurskrevande kontrollmetoden, men er samstundes den metoden som går mest i detalj og gir det beste biletet av status i verksemda. Det vart gjennomført 104 revisjonar i 2015, som er ei auke på 10 % frå 2014. Ein annan kontrollmetode er inspeksjonar, som det er 528 av i 2015, og vart gjennomført på same nivå som i 2014. I tillegg har innrapporteringsmetodar vist seg å vere særskilt effektive, sia vi får mykje informasjon om mange verksemder.*

*Av alle områda NVE utfører kontroll innanfor, har det skjedd nokre endringar i seinare tid. Til dømes er kompetanseforskrifta oppheva, lokale energiutgreiingar og energieffektivitet i energiintensiv industri vart avvikla i 2015 og Energy Star er inkludert i økodesign. I tillegg har det ikkje vore kontroll på områda nedstraums gass, opphavsgarantiar og regulerkraftavrekninga. NVE rapporterer difor på 20 ulike tilsynsområde for 2015.*

NVEs inntrykk er at størsteparten av bransjen opplever kontrollane som viktige. Det er mykje som skal haldast orden på, og selskapa har ulik storleik og karakter og har behov for rettleiing. NVE finn mange avvik, men dei aller fleste rettar dei opp når NVE påpeiker avvik. Det er klart at nokre verksemder bevisst har valt ikkje å følge krav (til dømes energimerking av yrkesbygg). Sjølv om bruk av reaksjonar er ressurskrevjande blir mange vedtak gjort for å få verksemder til å følge løyve og krav i lov og forskrift. I all hovudsak er bransjen prega av seriøse aktørar som ønsker å gjere ting på riktig måte.

Tilsynsfunna gjer at NVE ønsker å sjå om det er behov for ytterlegare rettleiing på tilsynsområde for å sikre at regelverket blir følgt. Særleg gjeld dette i forhold til rasjoneringsplanar og for kraftsystemutgreiingar der det er mange avvik, men avvik som kanskje kan avhjelpast med betre rettleiing. Funna tilseier også at for område som økodesign og energimerking av produkt er dokument – og skrivebordskontrollar ein effektiv tilsynsmetode som med hell kan utnyttast i enda større utstrekning.

NVE har eit stort etterslep på kontroll i forhold til EU-direktiva om økodesign og energimerking av bygg og produkt. Kontroll av energimerking av yrkesbygg viser at her er det mange avvik.

Økodesign og energimerking av produkt derimot viser eit mykje meir optimistisk bilde til trass for at dette er forbod som er relativt nye. NVE ønsker på bakgrunn av funna å intensivere kontroll av energimerking av yrkesbygg og tekniske anlegg der tilhøva ikkje er gode nok.

### 2.1 Vassdrag

I 2015 har NVE gjennomført 25 revisjonar av eigalarar av vassdragsanlegg innanfor fagområda damsikkerheit og miljø. Rapportane frå desse revisjonane er tilgjengelege på [www.nve.no](http://www.nve.no). Hovdfokus ved revisjonane var beredskap, kvalifikasjonar til personellet og verksemda sitt internkontrolsystem. Det vart gjennomført revisjonar av 18 vasskraftverksemder, 2 bruks-eigarlag, 2 vassuttak, 2 kommunar og 1 sette-fiskverksemrd. Det vart til saman avdekkja 76 avvik og gjort 48 merknader. Dei gjennomførte revisjonane viser at det er rom for betring. I ei tid med aukande behov for beredskapsplanar, er det urovekkande at revisjonane avdekker manglar i slike planar og at øving ikkje har vore gjennomført. Manglande kvalifikasjonar hos personell ved vassdragsanlegg er også kritikk-verdig. Mange av brota på internkontrollforskrifta var knytt til kompetanse, kartlegging av fare og problemområde, og gjennomgang av intern-

kontrollsystemet til verksemda. Etter NVEs vurdering er det difor naudsynt med tett oppfølging frå NVE.

Talet på revisjonar var ein nedgang på om lag 25 % frå året før. Årsaka er først og fremst knytt til aukinga i talet på nye prosjekt. For at desse skal kunne bli bygd så fort som mogleg, har NVE prioritert godkjenningar og oppfølging under bygging. I alt er det gjort 210 vedtak om godkjenning av detaljplanar for miljø og landskap som er ein auke på om lag 60 frå 2014. Det er gjort ca. 1100 enkeltvedtak av tekniske planar for vassdraganlegg.

Det har i tillegg blitt gjennomført 528 stadlege inspeksjonar, som er på same nivå som i 2014. Av dei var 291 inspeksjonar av dammar, og 237 inspeksjonar av vassdragsanlegg (vassveg, kraftverk, setjefiskanlegg og vassverk).

Det å bygge vassdragsanlegg fører til inngrep. For at inngrep skal få ein best mogleg utsjånd i ettertid, har Miljøtilsynet i NVE laga eit informasjonsark kalla "God praksis" som omtalar viktige forhold under arbeidet og i istandsettingsfasen.

Miljøtilsynet kontrollerer kvar veke innrapportert vasstand for ca. 500 reguleringsmagasin. I tillegg kjem oppfølging av innrapporterte meldingar frå allmenta.

### Elsertifikatordninga som kontrollreiskap

Innføringa av ordninga med elsertifikat har gitt vassdragsmyndigheita eit reiskap for å sjå til at kraftverk er bygd og drifta etter vilkår gitt i konsesjonar eller fritak frå konsesjonsbehandling. Opplysningane om kraftverket som ligg i søknaden om elsertifikat, blir mellom anna sjekka mot data Statnett har på kva maksimal produksjon er, og dei opplysningane som anlegget sjølv sit på. Dei verksemduene som ikkje har etterlevd krava i konsesjon, forskrift eller vedtak har blitt følgt opp med relevant reaksjon.

I 2015 har NVE motteke søknad frå om lag 150 kraftverk. Av desse er 90 ferdigbehandla. Ei oversikt over talet på avvik vil først vere klart i 2016, når alle søknadane er behandla.

## 2.2 Energiforsyning

I 2015 har NVE gjennomført 79 revisjonar innan det vide saksfeltet «energiforsyning». Dette er ein reduksjon på over 30 frå 2014, men er cirka det same talet som i 2013.

### Førebyggjande sikkerheit, beredskap og rasjonering

Viktige delar av overføringsnettet er sjøkablar. Gjennomgangen av vedlikehald og reparasjonsberedskap for 120 sjøkabelanlegg som starta opp i 2014, vart avslutta i 2015. Kontrollen synte at dei fleste avvika skuldast manglande planar og mangelfull tilgang til beredskapsmateriell. Det vart stilt krav om at verksemduene skulle skaffe eige reservemateriell eller inngå avtale med andre om tilgang. Avvika skulle vere retta i løpet av året. Kravet førte til at eigarane av kabelanlegga gjekk saman om eit felles lager for reservekabel og anna naudsynt materiell. Denne løysinga gjorde at kostnadene vart om lag det halve samanlikna med at verksemduene skulle ha kvart sitt lager.

Kontroll med beredskapen hos verksemduene syner at beredskapsarbeidet er aukande trass at kontrollane i enkelte høve avdekker ei mangelfull, systematisk tilnærming til sikkerheits- og beredskapsarbeidet.

Rasjoneringsplanar hos fire nettselskap vart kontrollert i 2015. Funna syner stort sprik i kvaliteten i rasjoneringsplanane. Nokre har forholdsvis høg kvalitet, medan andre er pålagt å gjere vesentlege forbetingar. Samstundes dokumenterer revisjonane manglande formalisering av samarbeidet med andre aktørar. Situasjonen er dermed på same nivå som tidlegare år.



Kraftleidning i Vefsnes med fjella Sju søstre i bakgrunnen.

## Miljøkrav til energianlegg

Gjennom godkjenning av miljø-, transport- og anleggsplanar følger NVE opp at krav knytta til miljø og landskap blir følgt ved bygging av kraftleidningar og vindkraftanlegg. Talet på godkjente planar var 47 og dermed dobbelt så mange som i 2014. Det er naudsynt å kontrollere at krav i planen blir følgt opp. Inspeksjonar i byggefase med fokus på miljø viser at det ofte oppstår situasjonar som ikkje vart avklart i planlegginga.

I saker med eit høgt konfliktnivå vil ofte konfliktane bli vidareført i byggefase. Då vil tilsynet kunne vere konfliktdempande ved at ein eventuelt kan pålegge avbøtande tiltak.

## Fjernvarme

Kontrollen viser at verksemndene har god

driftskontroll, påliteleg energilevering og eit systematisk vedlikehald. Det ligg 5 revisjonar bak desse funna. Det ser ut til at kvaliteten på vedlikehaldsrutinane er personavhengig i enkelte av føretaka.

## Økonomisk og teknisk rapportering

Tilsynet med 320 omsettingkonsesjonærar sin årlege økonomiske og tekniske rapportering til NVE og SSB (eRapp) gjeld overhald av rapporteringsplikta. For nettverksemda er kontrollen utvida med revisjonar for rapportering av økonomiske og tekniske verdiar som ligg til grunn for inntektsrammene og meir-/mindreinntekt.

Kontroll av rapporteringa avdekkja 685 avvik, hovudsakleg for feilposteringar av økonomisk beløp og manglende informasjon i eRapp. Fleire avvik er ein konsekvens av eit anna avvik. Igjen


er det ein auke i talet på avvik som skuldast fleire kontrollpunkt. Sidan mange avvik gjeld same forhold for fleire selskap, vil informasjon bli prioritert i 2016.

Kontroll av energimerking av bygningar viser eit avvik i 75 % av kontrollane. For å få retta avvika har det i mange høve vore naudsynt å gjere vedtak om tvangsmulkt. Energimerking av produkt (sparepærer og TV) viser få avvik ved kontroll.

## 2.3 Energimerking og energibruk

NVE har gjennom eit internt prosjekt i 2015 vurdert ulike modellar som kan vere aktuelle for å organisere og gjennomføre kontroll på områda økodesign og energimerking. Prosjektet omfatta både produktog bygg. Sentrale delar i arbeidet var etablering av rammeverk for kontrollaktiviteten og utvalskriterier, rammeverk for rullerande kontroll, flytdiagram for ulike kontrollmetodar og laboratorietestar, og prosedyrar for dokument-, butikk-, produsent-, leverandør-, importør- og tollkontroll. Fleire alternativ vart vurdert, blant anna bruk av ekstern bistand i kontrollverksemda til NVE. Det er viktig å trekke eit klart skilje mellom ekstern kontrollkompetanse og ekstern ekspertise på verifikasjon, til dømes for testing av produkt.

Prosjektet legg grunnlaget for planlegginga av kontrollar i 2016. NVE har i dag rammeavtalar med ulike konsulentmiljø for å dekke ulike behov. NVE vil vurdere om det er hensiktsmessig å samle kontrollaktiviteten meir ved ei eventuell fornying av rammeavtalar. Figuren under visualiserar korleis ein slik samanslåing kan utførast.



*Samspell mellom ulike roller i gjennomføring av kontroll på økodesign- og energimerkeområdet.*

# 3. Innrapporteringar som kontrollmetode

I årsrapportane for NVEs tilsynsverksemder har vi valt å fokusere på eit særskilt tema. I år er dette ei omtale av dei to viktigaste innrapporteringsordningane våre; *eRapp* og *SIV*. Rapporteringane er svært omfattande og er viktige ikkje berre for kontrollane som NVE gjer, men også for andre etatar som Statistisk sentralbyrå (SSB).

## 3.1 eRapp for nettselskap

NVE regulerer nettselskapa sine inntekter frå nettverksemda. Desse inntektene inngår i grunnlaget som brukast til å fastsette selskapa sin nettleige og andre tariffar. Nettselskapa sine tillatne inntekter er ei eiga inntektsramme som er fastsett av NVE til å dekke eigne nettcostnadar, kostnadar frå nett på høgare nivå og eigedomsskattar m.m., og frådrag for eit beløp som speilar kundane sine kostnadar ved eventuelle straumavbrot (KILE). Den tillatne inntekta skal gje ei rimeleg avkastning på investert kapital.

I hovudsak er grunnlaget for berekning av tillaten inntekt og faktisk inntekt basert på verdiar frå *Økonomiske og tekniske rapporteringer til NVE* og *SSB*, som rapporterast gjennom det elektroniske verktøyet *eRapp*.

### Omfang

I *eRapp* skal det rapporterast verdiar for ei rekke forhold på eit detaljert nivå. Dette gjeld alt frå inntekter frå ulike tariffledd med tilhøyrande energimengder for kundegrupper på kommunenivå, kostnadar på detaljert artsnivå, økonomiske anleggsmidlar på gruppenivå, og tekniske verdiar for linjer, kablar, transformatorar og målarar på fylkesnivå. Det største nettskapet har for 2015 rapportert i underkant av 7000 ulike verdiar i *eRapp*. Integrerte selskap skal i tillegg rapportere separat på kvart sitt verksemdområde kor det er aktivitet. Desse områda kan, i tillegg til

nettverksemde, vere produksjon, kraftomsetting, televerksemde og anna kommersiell verksemde.

### Kontolloppgåva

Formålet med kontrollen av rapporterte verdiar i *eRapp* er at det skal sikre eit best mogleg grunnlag for fastsetting av nettselskapa sine tillatne inntekter og ei tilstrekkeleg oppfølging av avvik mellom selskapa sine faktiske inntekter og det som er tillate. Feil i eit nettskap sine rapporterte verdiar i *eRapp* kan gje for høg eller låg tillaten inntekt, og dermed feil nettleige, både i det selskapet som har rapportert feil og dei andre nettselskapa.

### Tillaten inntekt, meir-/mindreinntekt og avkastning

NVE fører kontroll med at nettselskapa sine tillatne inntekter blir korrekt fastsett, at deira faktiske inntekter ikkje overskrid tillaten inntekt over tid, og at dei oppnår den forskriftsfesta minimumsavkastninga på null prosent målt som eit gjennomsnitt over dei fem siste åra.

Nettselskapa vil årleg kunne ha meir-/mindreinntekt på grunn av avvik mellom tillaten og faktisk inntekt. I *eRapp* blir det heldt oversikt over akkumulert meir-/mindreinntekt for kvart enkelt selskap. Gjennom tilsynet kontrollerast det om selskapet styrer saldo for meir-/mindre-

inntekt mot null over tid, slik forskriftene krev. Mindreinntekt som overstig 25 % av tillaten inntekt eksklusiv KILE skal avskrivast.

## Kontrollaktivitetar

Kontrollen med grunnlaget for fastsetting av tillatne inntekter skjer hovudsakleg ved automatisk kontroll ved overføring av *eRapp* til NVE, ved manuell kontroll hos NVE av innleverte verdiar, og ved revisjon av eit utval av enkeltsselskap. Kontrollane gjeld både tekniske og økonomiske verdiar.

Automatiske kontrollar omfattar 193 potensielle kontrollpunkt, som blir utløyst dersom verdiar har manglar eller er feil utfylt. Eit kontrollpunkt kan til dømes omfatte samanhengen mellom to ulike verdiar for opptil 40 postar. Talet på kontrollar som blir aktivert avheng difor av omfanget av verdiar som rapporterast. Enkelte kontrollpunkt som ikkje er oppfylt må korrigeraast før innsending kan bli gjennomført. Andre kontrollpunkt gjev informasjon som selskapet må ta stilling til om forholdet er korrekt rapportert.

I 2015 omfatta dei manuelle kontrollane 44 kontrollpunkt, der dei fleste handlar om fleire verdiar. Eit av punkta omfattar at nettselskapet sin revisor stadfestar at 24 spesifikke kontroll-handlingar har funne stad, og kor revisor omtalar utfallet av sin kontroll. Ein del av dei resterande kontrollpunkt dreier seg om samsvar mellom verdiar i selskapets årsrapport og verdiar rapportert i *eRapp* og om forklaringar til eventuelle ulikheiter mellom desse er tilstrekkelege. Andre kontrollhandlingar gjelder om verdiar er rapportert på korrekt område, og om inntekter og kostnadar blir rapportert rett innanfor verksemdsområda. I tillegg blir samanheng mellom verdiar rapportert for ulike forhold undersøkt, og om ein del av verdiane er rimelege i storleik.

Revisjonar blir gjennomført stadleg hos dei utvalde nettselskapa. Ved revisjon blir grunnlaget for rapporteringa nærmare gjennomgått, medrekna

behandling av økonomiske verdiar og selskapets rutinar for å halde á jour økonomiske og tekniske register. I forkant av revisjonen gir selskapet ytterlegare informasjon om grunnlaget for verdiar rapportert i *eRapp*, og andre tekniske verdiar som nyttast i fastsettinga av inntektsramma. Omfanget av stadleg revisjon er betydeleg, og blir utført på eit til dels detaljert nivå.

## Andre kontrollaktivitetar

Kontroll av utvalde tema knytt til rapporteringa vart gjort. Kontrollen omfattar som regel alle nettselskapa. For eksempel blir det gjennomgått om spesifikke rutinar eller forskriftsmessige krav blir følgt opp. I tillegg kan det setjast i verk undersøkingar basert på eventuelle unormale enkeltverdiar som kjem fram når inntektsrammene fastsettast, eller i klagetilfelle.

## Erfaringar

NVE har relativt god erfaring med rapporteringa i *eRapp*. Generelt synest kompetansenivået hos dei som rapporterer godt og profesjonelt. Rapporteringaskjer berre eingong i året, og NVE er kjent med at det kan skje under eit visst tidsplass. Dette kan føre til usikkerheit og feil. NVEs erfaring er at det er potensiale for forbetingar på enkelte område for rapporteringa.

Rapporteringa i *eRapp* er til dels omfattande. NVE opplever likevel at dei fleste selskap har god kontroll på sine verdiar, sjølv om det på detaljnivå nokre gonger blir rapportert feil. Det har i sjeldnare tilfelle blitt avdekt at det er ukorrekte verdiar som rapporterast. I forhold til rapporteringa sitt detaljkrav og omfang vurderast kvaliteten generelt som god, sjølv om talet på avvik som blir avdekt er mange.

Kontrollpunktata blir revidert årleg for å fange opp nye forhold, og har blitt utvida dei seinare åra. Utvidinga av kontrollpunktata påverkar omfanget av avdekte feil, og er ei viktig forklaring på at det samla talet på avvik aukar.

Generelt er NVE si erfaring at dei aller fleste selskap si rapportering blir betre i etterkant av at NVE har avdekkja avvik. Ein observerer likevel at selskapet kan ha avvik for forhold som tidlegare har vore tilfredsstillande. NVE oppfattar at dette kan skuldast forhold som er nye for selskapet eller at underliggende forhold har endra seg, og dermed gir usikkerheit ved rapporteringa. Nokre forhold går igjen frå år til år hos same selskap. Dette gjeld eit avgrensa tal på selskap og talet ser ut til å bli redusert. NVEs erfaring er også at ein del manglar når det gjeld skriftlege orienteringar og forklaringar om forhold burde vore unngått. Positivt er likevel at feil i sjeldnare tilfelle gjeld økonomiske forhold av stor betydning. Mange avvik som krev korrigeringar er av mindre betydning, både for inntektsrammene og for statistikk. Sett i forhold til reguleringa er likevel nøyaktigkeit eit krav. NVEs erfaring om balanseverdiar for nettanlegg er gode. Det er sjeldan ein har funne feil i bokførte verdiar eller avskrivingar. NVE ser likevel at det er eit potensiale for forbeting når det gjeld rutinar for å halde á jour historisk anskaffingskostnad og akkumulerte avskrivingar for anlegg som ikkje er i drift. Men det er ingen grunn til uro for bokførte verdiar eller avskrivingar som ligg til grunn for berekning av inntektsrammene.

For tekniske verdiar opplever NVE at desse i stor grad blir rapportert etter beste evne. Rapporteringa har i dei seinare åra blitt betydeleg betre. Dagens IT-løysingar tilseier også at det har blitt både enklare og betre moglegheiter til presis rapportering. Mangel på gode system, eller feilrapporteringar av andre grunnar, er sjeldne.

Rapporteringa i *eRapp* er i utgangspunktet basert på selskapets revisorgodkjente årsrekneskap. I nokre tilfelle er det avdekt at innlevert *eRapp* ikkje samsvarar med revisor sin rapport om faktisk resultat av den sine kontrollhandlingar. NVE har inntrykk av at dette i hovudsak skuldast at revisor legg betraktningar rundt det vesentlege til grunn i vurderingane sine. Rapporteringa i *eRapp* skal likevel vise dei same verdiene som i

finansrekneskapet, men på eit meir detaljert nivå enn selskapets årsrapport.

Generelt er NVE sitt inntrykk at forhold som leier til avvik i det vesentlegaste har samanheng med manglande merksemd på detaljnivået i regelverket for rapporteringa.

## Arbeidet vidare

For å oppretthalde den gode kvaliteten som eksisterer, og forbetre områda som verkar utfordrande, meiner NVE at det er nødvendig å oppretthalde nivået for kontroll og revisjonar. Reguleringa utviklar seg kontinuerleg, både med omsyn til regelverk og bransjeutvikling. I framtida vil det også vere behov for å revidere eigne kontrollområde, kontrollmetodar og vektlegge enkelte område i større grad. Område kor avvik ikkje finst eller er betydeleg redusert kan vektleggast mindre.

I tillegg ser NVE at det også kan vere hensiktsmessig å auke graden av rettleiing for å oppnå betre rapporteringskvalitet. Dette gjeld både mot nettselskapa og revisorane. I 2016 vil det difor bli heldt fleire rettleatingsseminar knytt til rapporteringa i *eRapp*.

## 3.2 SIV for damsikkerheit

Sikkerheit i vassdrag (SIV) er NVEs database for vassdragsanlegg. Her finst det detaljert informasjon om nesten 6000 dammar og vassvegar, samt tilhøyrande informasjon om eigarar, personell og godkjenningsordningar. Databasen er hovudsakeleg eit saksbehandlingsverktøy for oppfølging av eigarar og deira anlegg, men fungerer også som ein viktig reiskap i beredskapssituasjonar. Data frå SIV dannar grunnlaget for å velje tilsynsobjekt og anna kvantitativ analyse, for eksempel kartlegging av dammar som er sårbare for auka flaumar som følge av klimaendringar.

I tillegg blir alle planlagde og gjennomførte revisjonar og inspeksjonar registrert i SIV. Løysinga gir saksbehandlar ei full oversikt over det enkelte tilsynsobjektet sine detaljar, inkludert fristar for lukking av avvik, m.m. Frå og med 2015 har det blitt gjort tilgjengeleg ein ekstern lesertilgang for dameigarar, og dette er eit viktig løft.

### Rapportering og lesertilgang i SIV

Heimel for krav om rapportering vart første gong innført i forskrift om sikkerheit ved vassdragsanlegg (damsikkerheitsforskrifta) av 2010. Kravet omfattar per i dag 460 eigarar av vassdragsanlegg i konsekvensklassane 1 til 4.

I høve til damsikkerheitsforskrifta § 2-10 *Innrapportering* skal innrapporteringa skje på den måten og det omfanget NVE bestemmer. Informasjon om den ansvarlege og personell for kvart enkelt vassdragsanlegg, samt informasjon om gjennomført overvaking av anlegga, skal oppdaterast eller verifiserast innan 1. mars kvart år. I tillegg kan NVE bestemme at også andre opplysingar som vedkjem sikkerheita ved vassdragsanlegga skal innrapporterast.

Ved å gjennomføre rapporteringa vedkjenner eigaren ansvar for vassdragsanlegga som

rapporteringa omfattar. Vidare vedkjenner eigaren at innrapportert personell som leiar og vassdragsteknisk ansvarleg har det ansvaret som er definert i damsikkerheitsforskrifta.

Opplysningane som skal innrapporterast er ikkje omfattande. Det er bestemt å omfatte namn, kontaktinformasjon og stadfesting av kompetansekrav hos leiar og opplysingar om vassdragsteknisk ansvarleg. I tillegg rapporterast informasjon om internkontrollsystemet, medrekna beredskapsplanar, gjennomføring av øvingar og koordinering med redningsmyndigheter. Eigar skal ved gitte intervall gjennomføre ein grundig eigenkontroll ved vassdragsanlegga sine. Stadfesting av gjennomføringa skal også bli opplyst gjennom rapporteringsordninga.

Tilgang til å logge inn i Damdatabasen SIV gir alle eigarar anledning til å sjå blant anna registrerte data om eigne anlegg, og vedtak fatta av NVE med tilhøyrande fristar – deriblant fristar for å lukke avvik etter kontroll.

### Erfaringar frå rapportering

I beredskapssituasjonar knytt til vassdragsanlegg er SIV eit uvurderleg verktøy for raskt å innhente kontaktinformasjon til personell, dambrotsbølgeberekningar, kartframstilling og tekniske data om gjeldande anlegg.

Som følge av rapporteringa har NVE no namn og oppdatert kontaktinformasjon til alle leiarar ved vassdragsanlegg i konsekvensklasse 1 eller høgare. Det er fortsatt ein del manglar knytt til gjennomføring av damsikkerheitskurs for leiarar. Kurset er meint å gi ei innføring i myndigheitskrav og beredskapshandtering. Trenden dei siste åra er at stadig fleire leiarar tilfredsstiller dette kompetansekravet. Rapporteringa har synleggjort kravet om gjennomføring av kurs for

leiarar og er i så måte ein viktig faktor for auka deltaking på kurset Damsikkerheit III.

Alle eigarar med vassdragsanlegg i konsekvensklassene 1 til 4 pliktar å ha ein vassdrags-teknisk ansvarleg (VTA) med avløysar. VTA har det faglege ansvaret for sikkerheita ved vassdragsanlegga og er ein nøkkelperson i beredskapssituasjonar. Ettersom det er knytt vesentlege kompetansekrav til VTA når det kjem til utdanning og praksis skal denne personen godkjennast av NVE. Rapporteringsløysinga sikrar at kontaktinformasjon til VTA haldast oppdatert. Eigarar som manglar VTA blir gjennom rapporteringa gjort merksam på forskriftskravet knytt til VTA. Innføringa av rapporteringsplikta har ført til ei betydeleg auke i søknadar om godkjenning av vassdragsteknisk ansvarleg.

NVE har bestemt å etterspørje informasjon om internkontrollsysteem og beredskap. Informasjonen gir ikkje eit detaljert bilde av kvaliteten til internkontrollsysteem eller beredskapsplanar, men sikrar at eigar er bevisstgjort krav til internkontrollsysteem, beredskapsplanar, øvingar og koordinering med redningsmyndigheiter. På same måte som anna rapportering kan ein anta at dette har gitt ei større bevisstheit rundt krava som er stilt, og ei auke i utarbeidning og oppdatering av planar, gjennomføring av øvingar og koordinering med lokale redningsmyndigheiter.

Hovudtilsyn er ein viktig del av eigarane sine internkontrollar av eigne vassdragsanlegg. For anlegg i konsekvensklassene 2 til 4 skal hovudtilsyn utførast kvart femte år, og for anlegg i konsekvensklasse 1 skal tilsynet utførast kvart sjuande år. Desse hovudtilsyna er ei omfattande vurdering av tilstanden til anlegget, og skal utførast av kompetent personell. Gjennom rapporteringa stadfestar eigar gjennomføringa av hovudtilsyn. Dette gir NVE ei samla oversikt over gjennomføringa av hovudtilsyn, og dermed også over tid; manglande gjennomføring av hovudtilsyn.

I tillegg har rapporteringsordninga ført til at tidlegare feilregistreringar i SIV har blitt retta opp. Dette er til stor hjelp i saksbehandlinga, i beredskapssamanhang, og for å sikre korrekt gebyrberekning.

## SIV som kontrollverktøy i dag

Som eit resultat av plikt om rapportering har NVE no betydeleg betre data med oppdatert kontaktinformasjon til nøkkelpersonar og eigarar sine manglar i høve til damsikkerheitsforskrifta. Datafrå rapporteringa er definande for utveljing av revisjonsobjekt og tema, samt prioritering av inspeksjonar.

Fordelen med rapporteringsløysinga er at tilsynet treff alle ansvarlege, og det er lett å identifisere dei eigarane der ein må følge opp manglar. Eigarane blir sjølv gjort merksamme på ansvaret sitt, og retter opp manglar på eiga hand som det elles ville tatt lang tid å oppdage ved hjelp av revisjonar og inspeksjonar.

Med bakgrunn i opplysingane som er lista opp ovanfor, er NVE sin konklusjon at innføringa av rapportering gjennom SIV har ført til auka damsikkerheit. Ordninga vil utviklast vidare med tanke på auka kontrollverksemdu basert på innrapporterte opplysingar.

## SIV som kontrollverktøy i framtida

Frå 2016 vil SIV som rapporteringsløysing utviklast vidare, og alle registrerte manglar skal følgast opp direkte.

Tidlegare årsrapporteringar viser at det er manglar knytt til personell, internkontrollsysteem, beredskap og gjennomføring av internkontroll. Desse manglane vil no bli følgt opp. I 2016 vil eigarar av vassdragsanlegg i dei høgaste konsekvensklassane bli prioritert.

Det vil bli arbeida med å verifisere at innrapporterte opplysingar er korrekte. Dette blir

gjort gjennom stikkprøver av ei utvald gruppe eigarar med vassdragsanlegg i dei høgaste konsekvensklassene. Dokumentasjon på person- eller sin kompetanse, internkontrollsysteem, beredskapsplanar, gjennomføring av beredskapsøvingar og kvalitet på gjennomføring av hovudtilsyn vil inngå som ein del av stikkprøvene.

Arbeidet med stikkprøvekontroll og oppfølging av innrapporterte manglar er varsle i informasjons-skriv til alle anleggseigarar.

Vidare vil det bli jobba med å vidareutvikle SIV som verktøy for kontroll. Rapporteringsordninga vil bli utvida til å omfatte fleire spørsmål angåande etterleving av krav i damsikkerheitsforskrifta, og eigarar vil få ei forbetra oversikt over eigne data i SIV. Oversikta vil inkludere kommande internkontroll, forbetra samanstilling av manglar, påminningar og fristar.



NVE-tilsett på tilsyn hos Dam Sarvsfoss.



Inntaksdam ved Øvre Kivfallet kraftverk i Rendalen kommune. Varselskilt er montert for å gjøre brukarar av området oppmerksame på farane ved inntaket.

# 4. Reaksjonar ved brot

NVEs reaksjonsmidlar er hovudsakleg heimla i energilova, vassressurslova og vassdragsreguleringslova. NVE har heimlar til å gjere vedtak om retting, tvangsmulkt, lovbrotsgebyr og tilbaketrekking av konsesjon. I tillegg kan vi melde føretak og enkeltpersonar for brot på lovverket. Det er i 2015 varsla om lag 480 reaksjonar og gjort om lag 280 vedtak om bruk av reaksjonar. Begge tala er mykje høgare enn i 2014, og for vedtak er talet nesten dobbelt så høgt som i 2014. Auken er i stor grad ein konsekvens av betre rutinar i oppfølginga av rapporteringane som verksemder er pliktige å gjere.

Mange av dei sakene som NVE har til behandling tek lang tid. Difor vil eit varsel om reaksjon eit år ikkje alltid bli følgd opp med eit vedtak om reaksjon det same året.

Mange av reaksjonane som er varsla eller gjort vedtak om er knytt til ein einskild reaksjonsform. For nokon saker er to reaksjonar knytt saman, for eksempel vedtak om retting og varsel om tvangsmulkt. I slike høve vil begge reaksjonane framgå i tabellen under.

## Reaksjonar i 2015

Varsel om stans	3
Varsel om retting	201
Vedtak om retting	186
Varsel om tvangsmulkt	270
Vedtak om tvangsmulkt	93
Varsel om lovbrotsgebyr	4
Vedtak om lovbrotsgebyr	3
Melding til politiet	1

## 4.1 Retting og tvangsmulkt

I 2015 har det blitt gjort 186 vedtak om retting av ulovlege tilhøve ved vassdrags- og energianlegg. Rundt 75 % av desse vedtaka gjeld tryggleik ved dammar og andre vassdragsanlegg, og i all hovudsak dreier det seg om manglande rapportering av opplysningar. I mange saker (i alt 256) er det, samstundes med varsel eller vedtak om retting, også gjort varsel eller vedtak om tvangsmulkt. Om lag 30 vedtak om retting gjeld brot på forskrift om førebyggande tryggleik og beredskap i energiforsyninga (beredskapsforskrifta). Det er også dokumentert mange brot på kontrollforskrifta. Varsel om retting er sendt til 32 verksemder, og vedtak om retting - eventuelt kombinert med tvangsmulkt er sendt til 17 verksemder.

Vedtak om tvangsmulkt er i hovudsak nytta på to områder i 2015. Mesteparten (91 %) er knytt til tryggleiken ved dammar og energibruk, og dreier seg om manglande rapportering av opplysningar. Dei resterande er knytt til manglande energimerking og energivurdering av tekniske anlegg.

## 4.2 Lovbrotsgebyr og meldingar til politiet

I 2015 har NVE meldt eitt selskap til politiet for brot på vassdragslovgivinga. Grunna krav til

unntatt offentlegheit blir ikkje saka meir omtala. NVE har gjort tre vedtak om lovbrotsgebyr for brot på vassressurslova. Ei nærmere omtale av desse sakene følger.

### Lovbrotsgebyr – brot på føresetnader om konsesjonsfritak

I 2015 har NVE gjort eit vedtak om lovbrotsgebyr etter vassressurslova. Saka gjeld eit føretak som hadde bygd ein ny dam i eit vassdrag og gjort ein gamal dam større i same vassdrag utan at krava i damsikkerheitsforskrifta vart etterlevd. Den eine dammen gjekk i brot og vatnet skada fylkesvegen. Tiltaket var i strid med føresetnaden om at kraft-verket ikkje var konsesjonspliktig. NVE gav eit lovbrotsgebyr på kroner 200 000. Føretaket klaga på vedtaket.

### Lovbrotsgebyr – brot på vilkår i konsesjonen

Ei brukseigarforening fekk kroner 400 000 i lovbrotsgebyr for manglande etterleving av vilkåra i konsesjonen. Eit av vilkåra i ein slik konsesjon er å unngå raske endringar i vasstanden og å ta tilstrekkeleg omsyn til allmenta. Brå senking i vasstanden på lakseførande strekning førte til stranding og daud av laks- og aureungar. Føretaket klaga på vedtaket.

### Lovbrotsgebyr – brot på aktsemplikta i vassressurslova

Eit føretak fekk kroner 700 000 i lovbrotsgebyr for manglande aktsemi i drifta av eit vasskraftanlegg. Kraftverket ligg på ei lakseførande strekning i eit nasjonalt laksevassdrag. Brå endringar i drifta kan difor ha store konsekvensar for allmenne interesser som for eksempel laksebestanden. Brå stenging av kraftverket førte til at vasstanden nedanfor sank brått, og ei stor mengd ungar av laks og aure stranda og døydde. Dersom kraftverket hadde hatt større aktsemi i denne situasjonen hadde ikkje hendinga skjedd.

## 4.3 Erfaring med reaksjonsbruk

Generelt registerer vi at for fleire typer administrative reaksjonar blir det gjort fleire varslar enn vedtak. Det betyr at varselet i seg sjølv kan ha den verknaden som er ønska. Det kan også bety at varselet fører til kommentarar som syner at det ikkje er rett å fatte vedtak. Dernest erfarer vi at tvangsmulkt sjeldan trer i kraft sjølv om det er fatta vedtak. I slike høve forstår tiltakshavar at det er meir gunstig å rette det lovlause forholdet innan fristen enn å betale tvangsmulkt.

Dei tre lovbrotsgebyra vart gitt til eigarar av vassdragsanlegg. Talet er lågare enn dei seinare åra, men NVE meiner at det er for tidleg å konkludere med at nedgangen skuldast at lovbrotsgebyr har ein allmennpreventiv verknad. Dette skuldast at fleire av sakene er av ein dato som tilseier at omtale av dei første lovbrotsgebyra ikkje kan ventast å ha hatt nokon verknad. Men ettersom forvaltninga no har brukt denne heimelen på brot på vassdragslovgivinga på fleire saker, meiner NVE at det er venteleg at talet på nye saker med brot vil gå ned.

Fleire av dei lovbrotsgebyra som NVE har pålagt føretak har blitt påklaga. OED har avgjort fleire av desse sakene. OED opprettheld i dei fleste tilfelle NVE sitt vedtak. NVE tolkar dette som at tilsynsorganet gjer ei rimeleg god grunngjeving for å gi lovbrotsgebyr, og at utmålinga av lovbrotsgebyret er høveleg.

### OED har opprettholdt NVE sitt vedtak om lovbrotsgebyr i tre saker

#### Sak 1

NVE gav ein aktør lovbrotsgebyr på kroner 100 000 for ulovleg hogst av kantvegetasjon i 2013. Vassdraget er verna mot kraftutbygging. I tillegg har kommunen i arealdelen i kommuneplanen avsatt ei vernesone på 10 meter langs

vassdraget. Det aktuelle hogstområdet er ein del av naturtypen bekkedrag, og er kategorisert som «særleg viktig». Det vil ta om lag 20-30 år til skogen har etablert seg på nytt. Fylkesmannen har uttala at hogsten har redusert naturverdiane i området.

Olje- og energidepartementet behandla saka, og endeleg avgjerd vart fatta i september 2015. Departementet påpeiker at ein aktør må vere kjent med dei aktuelle reglane som gjeld for verksemda. Difor meiner departementet at brotet var ei grov hending og er einig med reaksjonen som NVE gav.

### Sak 2

I 2014 fekk eit småkraftverk kroner 150 000 i lovbrotsgebyr for manglande etterleving av vilkåra i konsesjonen. Eit av vilkåra i konsesjonen var godkjenning av ein detaljplan som syner korleis det også kan bli satt spesielle krav til areal som kan brukast under bygginga, og for eksempel korleis vanskelege delar av røyrgata skal løysast. Konsesjonæren må etablere eit internkontrollsysten som skal sørge for at krava sett i konsesjonen og detaljplangodkjenninga blir følgt. I dette tilfellet vart det dokumentert fleire brot på desse forholda.

Olje- og energidepartementet behandla saka, og fatta endeleg avgjerd i september 2015. Departementet påpeiker at ein aktør må vere kjent med dei aktuelle reglane og pliktane som gjeld for verksemda. Difor meiner departementet at brotet var ei grov hending og er einig med reaksjonen som NVE gjorde.

### Sak 3

Eit lite kraftverk hadde blitt bygd utan å ha blitt behandla av NVE. Eit arrangement som skulle sørge for at minstevassføringa ville renne forbi inntaket til kraftverket hadde ikkje blitt installert. NVE gav eit lovbrotsgebyr på kroner 250 000. I denne saka vart skadane ført tilbake til ein sjøaurebestand sidan ein vesentleg del


av strekninga mellom inntaket og utlaupet frå kraftverket vart nytta av sjøaure til gyting og oppvekst av aureungar. NVE meiner at dette er alvorleg sidan sjøaurefangstane viser ein generell og dramatisk nedgang dei siste åra.

Olje- og energidepartementet behandla saka, og fatta endeleg avgjerd i november 2015. Departementet påpeiker at ein aktør må vere kjent med dei aktuelle reglane og pliktane som gjeld for verksemda. Difor meiner departementet at brotet var ei grov hending og er einig med reaksjonen som NVE gjorde.

### OED har oppheva NVE sitt vedtak om lovbrotsgebyr i ei sak

Lovbrotsgebyret som NVE trefte vinteren 2015 var knytt til manøvreringa av eit reguleringsmagasin. Gebyret på kroner 400 000 vart fatta fordi NVE meinte at verksemda ikkje hadde etterlevd vilkåra i konsesjonen. Den brå reduksjonen i vasstanden i elva nedanfor magasinet skuldast at vassføringa vart redusert frå om lag 100 til 60 m<sup>3</sup>/s over eit par timer.

Verksemda var ikkje einig med NVE i tolkinga av ordlyden i manøvreringsreglementet om rask variasjon av vasstanden. Verksemda meinte derimot at manøvreringa gjaldt sjølve magasinet, altså vasstanden i magasinet, og ikkje vasstanden og vassføringa i andre delar av vassdraget. NVE meinte at argumenta til verksemda ikkje ga mening ut frå dei reguleringstekniske og naturgitte forholda. OED meinte at tolkinga til NVE ikkje tilfredsstilte kravet til klar lovheimel, jf. EMK Art. 7. Etter departementets oppfatning kunne ikkje regulanten forventast å forstå vilkår i manøvreringsreglementet annleis enn det ordlyden, lest i lys av merknadene til reglementet og konsesjonen for øvrig, tilseier. Det var difor ikkje grunnlag til å hevde at reglementet var brote, og OED oppheva NVE sitt vedtak.



Revurderingsinspeksjon av dam  
Grottevatn i Tinn kommune.

# 5. Gjennomgang av dei ulike tilsynsområda

## 5.1 Sikkerheit ved dammar og andre vassdragsanlegg

### Tema for tilsyn

Blant damtilsynet sine oppgåver er kontroll av at

- tekniske planar oppfyller krav til sikkerheit gitt i forskrift og konsesjonsvilkår
- nybyggingar/fornyingar skjer forskriftsmessig/etter godkjente planar
- revurderingar (sikkerheitsvurderingar) gjennomførast og følgast opp.
- den ansvarlege (anleggseigar) oppfyller krav til organisasjon og kvalifikasjoner og til interntilsyn, sette i drift og drift av anlegg.
- anleggseigarane har eit fungerande internkontrollsysten for å ivareta krava til sikkerheit.

### Aktivitet

Talet på revisjonar av verksemder var 9, mot 13 i 2014. Av dei reviderte verksemndene var seks kraftselskap, to kommunar og eitt ei reguleringforening. Over halvparten av revisionane var hos eigarar av vassdragsanlegg i høg konsekvensklasse, medan eitt var hos ei ikkje tidlegare revidert verksemd. Hovudfokus var beredskap og kvalifikasjoner til personellet. Det vart gjennomført 291 inspeksjonar av dammar og 36 inspeksjonar av vassvegar under bygging, ombygging og drift (mot totalt 290 inspeksjonar i 2014.) 85 av inspeksjonane vart gjennomført på anlegg i dei høgaste konsekvensklassene.

I tillegg er det gjennomført innrapportering om personell og tilsyn av alle eigarar av vassdragsanlegg i konsekvensklassene 1 til 4. Les meir om dette i kap. 3.

### Resultat

Det vart til saman avdekt 32 avvik og 23 merknader under revisjonane.

Åtte av dei ni verksemndene hadde avvik knytt til overvaking, medan seks hadde manglar ved beredskapsplaner og gjennomføring av øvingar. Andre avvik var manglande kvalifikasjoner hos personell, at anlegg ikkje var klassifisert eller revurdert, manglar ved driftsprosedyrar eller manglar ved IK-systemet. Det vart registrert avvik ved alle revisjonane.

I alt har damtilsynet sitt arbeid med kontroll og revisjonar resultert i heile 1280 enkeltvedtak i form av godkjenningar eller avslag på søknadar, pålegg om retting og vedtak om tvangsmulkt.

### Vurdering

Talet på avvik i forhold til talet på reviderte verksemder er veksande samanlikna med åra før, medan talet på merknader gjekk ned.

NVE har følgt opp revisjonane ved at det er sett fristar for lukking av avvika med påfølgjande tilbakemelding til NVE.

Frå kontrollen og tilsynet er det gitt 114 varsel om tvangsmulkt og 25 vedtak om tvangsmulkt. Desse tala kan ikkje samanliknast med fjaråret då obligatorisk innrapportering ikkje vart gjennomført i 2014.

### Utøvar av tilsynet

Tilsyns- og beredskapsavdelinga, seksjon for damsikkerheit.

## **Heimel**

Vassressurslova kap. 11-13, vassdragsreguleringslova § 12 post 19, damsikkerheitsforskrifta kap. 9, internkontrollforskrift for vassdrag og grunnvatn §§ 7, 9 og 11, konsesjonar.

## **Tilsynsgrunnlag**

Vassressurslova §§ 5, 37-40 og 54, damsikkerheitsforskrifta, internkontrollforskrift for vassdrag og grunnvatn §§ 5 og 6, konsesjonar.

9 planar for setjefiskanlegg, 8 planar for vassverk og 3 planar for andre tiltak i vassdrag. I alt er 9 planar for biotoptiltak i vassdrag godkjente.

Miljøtilsynet kontrollerer kvar veke innrapportert vasstand for cirka 500 reguleringsmagasin (kalla «Norgesmagasinet»), og sjekkar om det er brot på vilkåra om høgaste og lågaste regulerte vasstand. I tillegg kjem oppfølging av innrapporterte meldingar frå publikum/allmenta om moglege brot på manøvreringsreglement.

Det er gjennomført 201 stadlege inspeksjonar av anlegg med konsesjon. Av dei var 188 vasskraftanlegg, 4 setjefiskanlegg, 3 vassverk og 1 vassuttak for alpinanlegg. Det er gjennomført 6 inspeksjonar av kraftverk som er fritekne frå konsesjonsbehandling. Av dei stadlege inspeksjonane vart 15 utført med spesielt fokus på å innhente driftserfaringar frå slepp- og logge-arrangement for pålagt minstevassføring ved småkraftanlegg.

NVE har funne det naudsynt å stille krav om robuste og funksjonssikre arrangement for slepp og dokumentasjon av minstevassføring. Formålet er at konsesjonsvilkår skal kunne overhaldast ved nye anlegg. Godkjenningspraksisen gjeld ved behandling av detaljplan for miljø og landskap, og er basert på erfaringar frå tilsynsverksemda og nyttig dialog med småkraftaktørar.

Det er gjennomført tilsyn utan inspeksjonar (skrivebordstilsyn) basert på opplysningar gitt i søknadar om elsertifikat etter utvida overgangsordning.

Det har òg blitt gjennomført skrivebordstilsyn av små vasskraftanlegg som ein forventa ville söke om elsertifikat innanfor den opphavelige elsertifikatordninga, men som ikkje har sökt.

Dei seinare åra har fleire målestasjonar blitt påverka av utbygging av nye kraftverk. Nokre av desse er viktige målingar av vassføring med lange tidsseriar, som nyttast blant anna til klimastudier og i NVEs varslingsteneste. Det er

## **5.2 Miljøkrav ved bygging og drift av vassdragsanlegg**

### **Tema for tilsyn**

Miljøtilsynet har som oppgåve i tilknyting til vassdragsanlegg (vasskraftverk, settefiskanlegg, vassverk og andre tiltak i vassdrag) å

- godkjenne og følge opp detaljplanar for vassdragsanlegg
- kontrollere at utbyggingar er gjorde i samsvar med godkjente planar
- kontrollere at konsesjonærane held seg innanfor tillatne rammer i driftsfasen
- kontrollere at eigarar av vassdragsanlegg har og etterlever eit internkontrollsysten
- kontrollere at kraftverk som er fritekne frå konsesjonsbehandling, blir bygde og drifta i samsvar med føresetnadene for fritaket
- gi pålegg om hydrologiske undersøkingar og følge opp at dei blir stetta.

### **Aktivitet**

Det er i alt gjennomført 16 revisjonar av internkontrollsysten fordelt på 10 større vasskraftverk (>10 MW), 1 setjefiskanlegg, 2 små vasskraftverk (<10 MW installert effekt), 2 vassuttak og 1 bruks-eigarlag med fokus på flaumhandtering.

I alt er det gjort 210 vedtak om godkjenning av detaljplanar for miljø og landskap. Desse planane fordeler seg slik: 190 planar for vasskraftanlegg,

difor oppretta nye rutinar slik at miljøtilsynet skal få nye konsesjonssøknadar på høyring når ein utbygging vil påverke måling av vassføringa.

Eit arbeid er starta for å revidere retningslinene for hydrologiske undersøkingar. Arbeidet vil bli avslutta i 2016.

Det har blitt laga 6 faktaark i serien "God praksis" i 2015. Desse informerer om ulike tema som konsesjonærar kjem innom i samband med ei utbygging, og er å finne på <https://www.nve.no/vann-vassdrag-og-miljoe/miljoetilsyn/>

## Resultat

Revisjonar av setjefiskanlegg avdekte 3 avvik og 1 merknad. Revisjonar av vassverk avdekte 7 avvik og 6 merknader. Revisjonar av vasskraftanlegg avdekte 34 avvik og 18 merknader. Ved ein av revisjonane vart det ikkje avdekkja avvik. Avvika var hovudsakleg knytt til krav i internkontrollforskrifta om oversikt over kompetanse, gjennomført kartlegging av farer og problem, og gjennomføring av interne revisjonar.

Det har blitt gjort vedtak om lovbrotsgebyr i 2 saker på grunnlag av funn frå 2014.

## Vurdering

Aktiviteten i 2015 har vore annleis samanlikna med 2014. Mange fleire (auke på 60 %) godkjenningar av detaljplanar, og færre (nedgang på 17 %) inspeksjonar. Talet på revisjonar er redusert med 3 frå 19 som vart gjennomført i 2014. Revisjonsrapportane er tilgjengelege på NVEs heimesider.

Vasskraft: Revisjonar og stadlege inspeksjonar av småkraftverk viser at det framleis er eit klart behov for kontroll av konsesjonærar. Samtidig er det verdt å merke seg at fleire konsesjonærar har etablert eit internkontrollsysteem som fungerer, noko som til dels skuldast rettleiar (2013) om

internkontroll etter vassdragslovgjevinga. Erfaringa frå dei stadlege inspeksjonane med fokus på arrangement av minstevasslepp viser at det er behov for å følge opp dette med bransjen, også i åra som kjem, slik at ein kjem fram til gode og driftssikre løysingar.

Ved kontroll av «Noregsmagasinet» vart det ikkje avdekkja at lågaste regulerte vasstand vart overskride i 2015. Det var nokre tilfelle der høgaste regulerte vasstand vart overskride i periodar, og dette skuldast i all hovudsak ein svært nedbørrik forsommarsaum og haust. I eitt tilfelle var dette eit magasin med naturleg utløp.

Akvakultur: Hausten 2008 innførte NVE auka tilsyn med akvakulturnæringa. Sjølv om tilsynsverksemada i fleire år har vore høg, avdekte revisjonen og inspeksjonar i 2015 framleis behov for kontroll av verksemadene.

## Utøvar av tilsynet

Tilsyns- og beredskapsavdelinga, seksjon for miljøtilsyn.

## Heimel

Vassressurslova kap. 11–13, vassdragsreguleringslova § 12 post 19, §§ 24 og 25, forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga §§ 6, 8 og 9.

## Tilsynsgrunnlag

Vassressurslova §§ 5, 8, 10, 41, 54, vassdragsreguleringslova § 12 postane 12 og 13, forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga §§ 4 og 5, konsesjonar, vedtak om konsesjonsfritak.

## 5.3 Kraftforsyningsberedskap

### Tema for tilsyn

- Analyse av risiko og sårbarheit – sikker drift og oppdatering ved ekstraordinære situasjoner, innhold i ROS-analysar og beredskapsplanar
- Reparasjonsberedskap – ressursar for oppretting av drifta og reparasjon av havarerte komponentar
- Sikring av anlegg – kontroll av fysiske sikringsstiltak og planane for vedlikehald og modernisering
- Sikkerheit i store driftskontrollsysteem

### Aktivitet

Det er gjennomført totalt 31 revisjonar ved besøk hos det einskilte selskap, der møte med leiinga i selskapet, gjennomgang av planverk og synfaringar av lokalar og sikringstiltak er vanlege aktivitetar. Ved enkelte kontrollar inngår også inspeksjon av anlegg.

NVE følgjer opp hendingar hos verksemndene, og i 2015 utløyste hendingar hos nesten 70 verksemder nærmere oppfølging frå NVEs side. Nokre av hendingane blir følgt opp med krav om utvida rapportering for å klargjere om regelverkskrav er brote, medan andre (tema og/eller verksemd) blir følgt opp gjennom kontrollar.

Det vart gjennomført to hendingsbaserte kontrollar, 25 stadlege kontrollar og cirka 90 skriftlege kontrollar i 2015. Skriftleg kontroll med reparasjonsberedskap for sjøkablar vart starta opp i desember 2014, medan den vidare saksbehandlinga med vedtak om retting vart utført i 2015.

I 2015 har beredskapsseksjonen følgt opp kjent sårbarheit i kraftsystemet gjennom kontroll med vedlikehald og reparasjonsberedskap for kraftransistorar, både hos nettselskap og produsentar. Det har også vore særleg fokus på skogrydding ved kontrollane i 2015.

IKT-sikkerheit har fått stor merksemd i 2015. NVE har gjennomført skriftleg kontroll med 31 selskap og i tillegg også følgt opp enkelthendingar. Det har ikkje vore gjennomført stadlege kontroll med IKT-sikkerheit i 2015, men IKT-sikkerheit er eit tema i dei fleste revisjonane NVE gjennomfører hos selskapa.

### Resultat

233 avvik og 95 merknadar.

Det har blitt gitt 17 varsel om tvangsmulkt i 2015.

### Vurdering

Talet på funn understrekar behovet for vidare oppfølging av kraftforsyninga. Ut frå ei vurdering av sårbarheita har nettverksemda høg prioritet.

NVE legg til grunn at IKT-sikkerheit blir stadig viktigare for kraftforsyninga, og arbeider inn mot dette på ei rekke måter.

Tilsynet har avdekkta svakheiter ved reparasjonsberedskap, blant anna mangelfulle transportplaner for tunge komponentar i større selskap.

Hos fleire av verksemndene NVE har kontrollert, er det registrert ei mangelfull systematisk tilnærming til sikkerheit- og beredskapsarbeidet. Dette viser at det er naudsynt å halde fram med å fokusere på ROS-analysar, heilskaplege dokumenterte beredskapsplanverk og beredskapsarbeid.

NVE registrerer at merksemda på, og prioriteringa av, beredskapsarbeidet er stadig aukande. Dette er viktig, mellom anna med tanke på utfordringane i samband med dei stadig høgare forventningane om forsyningssikkerheit i samfunnet. NVE opplever at verksemder som har blitt kontrollert viser eit positivt engasjement og forståing for beredskapsarbeidet.

### Utøvar av tilsynet


Tilsyns- og beredskapsavdelinga, seksjon for beredskap.

## Heimel

Energilova kap.10, energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3, beredskapsforskrifta §§ 8-1 og 8-2.

## Tilsynsgrunnlag

Energilova kap. 9, energilovforskrifta § 3-5 c, beredskapsforskrifta og enkeltvedtak om klassifisering av anlegg.



132 kV tilknyting for det utvida Braskereidfoss kraftverk i Våler i Hedmark er bygd i komposit. Komposit gir slanke mastar.

## 5.4 Overføringsanlegg – drift og vedlikehald

### Tema for tilsyn

Tilsynet inneber kontroll av om konsesjonærane oppfyller pliktene til å halde anlegga i tilfredsstillende driftssikker stand ved å sørge for vedlikehald og modernisering som sikrar ein tilfredsstillande leveringskvalitet.

### Aktivitet

Mange av kontrollane som har blitt gjennomført ved seksjonen, har blitt gjennomført med ein kombinasjon av fleire forskrifter. Denne vurderinga omhandlar berre dei forhold som er knytt til energilovforskrifta.

Det vart gjennomført 24 revisjonar av nettselskap og kraftprodusentar. Tre av dei vart gjennomført i lag med *Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap - DSB*.

I 2014 vart vedlikehald og reparasjonsberedskap for sjøkabelanlegg skriftleg kontrollert. Omfanget er på heile 30 selskap med 129 anlegg i regional- og sentralnett. Behandlinga av resultata fann stad i 2015.

### Resultat

21 avvik inkludert avvik ved skriftleg kontroll av sjøkabler.

Dei mest typiske funna var mangelfulle planar for - og rutinar for - vedlikehald og kontroll av anlegg. Eit anna forhold som det vart fleire merknader til, var ufullstendig dokumentasjon og behandling/ oppfølging av avvik.

### Vurdering

Generelt har NVE eit positivt inntrykk av selskapa si haldning til drift og vedlikehald av nett. NVE har i avgrensa grad hatt kontroll med distribusjonsnettet, utover at nokre av dei

generelle spørsmåla om regional- og sentralnettet også har blitt stilt om distribusjonsnettet.

### Utøvar av tilsynet

Tilsyns- og beredskapsavdelinga, seksjon for beredskap.

### Heimel

Energilova § 10-1, energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3.

### Tilsynsgrunnlag

Energilova § 3-1, energilovforskrifta § 3-5 bokstav a.

## 5.5 Fjernvarmeanlegg

### Tema for tilsyn

- Gyldige konsesjonar
- Vedlikehald - faktisk utført og planar
- Modernisering - faktisk utført og planar
- Påliteleg energilevering - feil og avbrot
- Analyse av risiko og sårbarheit – sikker drift og gjenoppretting ved ekstraordinære situasjonar, innhald i ROS-analysar og beredskapsplanar
- Reparasjonsberedskap – ressursar for gjenoppretting av drifta og reparasjon av havarerte komponentar
- Sikring av anlegg – kontroll av fysiske tryggingstiltak og planane for vedlikehald og bruk av dei
- Sikkerheit i driftskontroll

### Aktivitet

Det er gjennomført totalt 5 revisjonar ved besøk hos det einskilte selskap. Eitt av dei fem revisjonane vart gjennomført som følge av ei hending med omfattande konsekvensar (røyrbrot i Akersgata i Oslo).

### Resultat

3 avvik og 16 merknader.

Det er gitt fem varsel om tvangsmulkt i 2015.

### Vurdering

Føretaka som NVE har besøkt, ser ut til å ha god driftskontroll gjennom bemanning og rutinar for å ta vare på ei påliteleg energilevering og eit systematisk vedlikehald. Det såg ut til å vere noko personavhengig kor gode vedlikehaldsrutinane var i enkelte av føretaka.

### Utøvar av tilsynet

Tilsyns- og beredskapsavdelinga, seksjon for beredskap.

### Heimel

Energilova kap. 10, energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3.

### Tilsynsgrunnlag

Energilova kap. 5, energilovforskrifta kap. 5, beredskapsforskrifta kap. 2, 4, 5, 6 og 7 og konsesjonar.

## 5.6 Kraftsystemutgreiingar

### Tema for tilsyn

Tilsynet omfattar ordninga med kraftsystemutgreiingar (KSU). Desse blir utarbeidd anna-kvart år. I 2015 vart det utarbeidd kraftsystemutgreiingar for sentralnettet. NVE har ført tilsyn med dette hausten 2015.

Vidare har NVE i 2015 følgt opp tilsyn med kraftsystemutgreiinga for regionalnettet 2014, og dette arbeidet vart avslutta i løpet av våren og sommaren 2015.

### Aktivitet

Våren 2015 vart avvik frå tilsynet med regionale KSU 2014 følgt opp. Dei 17 tilsyna vart fortløpande avslutta i løpet av våren/sommaren.

Statnett leverte KSU for sentralnettet 1. oktober

2015. I oktober og november vart det ført tilsyn med KSU for sentralnettet. I dette tilsynet var det fokusert på energiutgreiingsforskrifta § 20, femte og sjuande ledd. Tilsynet vart avslutta i november 2015.

## Resultat

I forbindelse med kontrollen av regionale kraftsystemutgreiingar 2014 vart det sendt ut vedtak om retting og varsel om tvangsmulkt til alle 17 regionale utgreiingsansvarlege. To av desse vart sendt ut i 2015. Alle avvika vart lukka i 2015 utan ytterlege reaksjonar frå NVE.

I tilsynet med kraftsystemutgreiinga for sentralnettet 2015 vart det ikkje avdekkta avvik. NVE hadde fire merknadar til KSU for sentralnettet som vart kommunisert i møte med Statnett i november samt i avslutningsbrevet for tilsynet.

## Vurdering

Dei fleste avvika frå tilsynet med regionale KSU'ar 2014 vart lukka innan fristen. For 5 KSU'ar ba NVE om oppklaring eller meir informasjon før enkelte avvik vart lukka.

Kraftsystemutgreiinga for sentralnettet 2015 oppfyller godt krava som er gitt i forskrift om energiutgreiingar. Det vart berre gitt fire merknadar til KSU'en. Tre av desse merknadane handla om betre framstilling og tiljengeleggjering av informasjon. Den siste merknaden handla om vidare arbeid med vurdering av punkt utan N-1.

## Utøvar av tilsynet

Energiavdelinga, seksjon for kraftsystem.

## Heimel

Energilova kap. 10, energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3, energitreiingsforskrifta kap. 5.

## Tilsynsgrunnlag

Energilova § 7-1, energilovforskrifta § 7-1, energitreiingsforskrifta kap. 3 og 4.

# 5.7 Rasjoneringsplanar

## Tema for tilsyn

Krav om å ha utarbeidd ein rasjoneringsplan i samsvar med rasjoneringsforskrifta og vedtak 6. november 2006 "Innhold i planverket for kraftrasjonering – Nytt vedtak".

## Aktivitet

Kontrollaktiviteten i 2015 har vore 4 revisjonar og oppfølging av 4 revisjonar med rasjoneringsplanar som vart starta i 2014.

## Resultat

Ved revisjonar i 2015 er det gitt 10 avvik og 14 merknader. Avvika omfatta blant anna manglar knytt til samarbeid med lokale myndigheter og innehavarar av samfunnskritiske funksjonar.

## Vurdering

Dei nettselskapa som har blitt kontrollerte i 2014 har framvist rasjoneringsplanar av varierande kvalitet. To selskap har framlagt planar av forholdsvis høg kvalitet, mens to selskap er pålagt å gjennomføre vesentlege forbetringar. Det er avdekt manglar på tre av fire revisjonar knytt til samarbeid med andre aktørar. Dette avviket er ein gjengangar ved fleire kontrollar, og eit krevjande tema. Ein revisjon resulterte i eit einaste avvik, grunna at selskapets plan for gjennomføring av kraftrasjonering hadde omfattande manglar. Det er framleis behov for forsterka innsats med informasjon, opplæring og kontroll.

## Utøvar av tilsynet

Energiavdelinga, seksjon for kraftsystem.

## Heimel

Energilova kap. 10, energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3, rasjoneringsforskrifta kap. 4.

## Tilsynsgrunnlag

Energilova § -2, energilovforskrifta § 6-2, rasjoneringsforskrifta, NVE sitt vedtak av 6. november 2006 "Innhold i planverket for kraftrasjonering – Nytt vedtak".

nettenester.

## Heimel

Energilova kap. 10, energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3 og systemansvarsforskrifta §§ 25, 26 og 26 a.

## Tilsynsgrunnlag

Energilova § 6-1, energilovforskrifta § 6-1, systemansvarsforskrifta og konsesjonen for å utøve systemansvaret i det norske kraftsystemet.

# 5.8 Statnett si utøving av systemansvaret

## Tema for tilsyn

Tilsynet omfattar at vilkåra i systemansvars-konsesjonen og systemansvarsforskrifta, i tillegg til dei andre føresegne om systemansvaret i energilova og energilovforskrifta, blir følgde.

## Aktivitet

NVE har i 2015 hatt kontinuerleg oppfølging av Statnett si utøving av systemansvaret. I tillegg har arbeidet med oppfølging av tidlegare tilsyn som avdekkte rom for forbeteringar i 2011 og 2012 blitt videreført også i 2015.

I 2015 valde ikkje NVE å ha ein stor revisjon med utøving av systemansvaret. I staden er det lagt vekt på kontinuerleg oppfølging. I dei tilfelle kor NVE har blitt gjort kjent med at Statnett har ein praksis som kan vere i strid med gjeldande regelverk og prinsipp, så er det gjennomført vidare oppfølging.

I 2015 har NVE halde 2 halvårlege oppfølgingsmøte, kor Statnett i all hovudsak gjorde greie for løpende drift og forhold som var relvant for utøvinga av systemansvaret.

## Resultat

NVE har avdekt nye forhold der NVE har sett det naudsynt å følge opp med varsel om vedtak og/eller vedtak i 2015.

## Utøvar av tilsynet

Elmarknadstilsynet, seksjon for regulering av

# 5.9 Kraftmarknadsåtferd

## Tema for tilsyn

Tilsynet gjeld nettselskapa si nøytralitetsplikt og informasjonsplikt, rutinar for å overhalde nøytralitetsplikta, prising og praktisering av leveringspliktige kraftleveransar, utforming av nettleigefaktura, nøytralitet og informasjonsplikt på internett og overvakningsprogram for nøytralitet.

## Aktivitet

I 2015 vart det gjennomført 2 rundar med skriftleg kontroll med nettsidene til alle norske kraftleverandører (117) med fokus på eventuell samanblanding av nett og kraftverksemeld på nettsidene. Kraftleverandørane sin presentasjon av pris på energisertifikat vart også kontrollert.

## Resultat

Kontrollane i 2015 viste at 17 selskap hadde eit eller fleire avvik, der kraftleverandørane publisera lenker til utvalde nettselskap på heimesidene sine. I 15 av sakene er varsel om vedtak om retting sendt til det integrerte nettselskapet, medan dei i tre tilfelle er sendt til kraftleverandøren. I desse tre tilfellene er vedtaket heimla i vilkår i kraftleverandøren sin omsettingskonsesjon. I alle høve er dette ein god del færre enn dei 37 tilfellene av slike lenker som vart oppdaga i 2014.

Tilsynet i 2015 viste 3 tilfelle av feil prising av

elsertifikat der sertifikatprisen ikkje gjekk inn i det ordinære påslaget.

### Vurdering

Tilsynet i 2015 avdekte ingen tilfelle av lenker frå nett- til kraftverksemd. Dette tyder på at internetsidene til nettselskapa på dette området syner respekt for gjeldande regelverk og praksis, og at NVEs tilsyn har synt seg å vere eit effektivt verkemiddel.

Dei vertikalt integrerte aktørane sin kraftleverandør har ikkje på same måte skilt mellom nettselskapet og den vertikalt integrerte kraftleverandøren i kommunikasjon med kundar. Dei 17 avvika vi har registrert i 2015 stadfester dette.

Nettsidene til aktørane i energimarknaden er prega av stor dynamikk, med hyppige endringar i både struktur, lenker og generell publisering. Det er framleis sterke incentiv i eigarmessig integrerte verksemder til å kople saman nett og kraftleveransar, og såleis god grunn for NVE til å halde fram med å kontrollere nettsidene til både nettverksemder og kraftleverandørar.

Tilsynet med kraftleverandørane sin prising av elsertifikat viser svært få avvik i 2015, noko som kan tyde på at desse aktørane følger opp krava som gjeld til prising i samsvar med gjeldande forskrift.

### Utøvar av tilsynet

Elmarknadstilsynet, seksjon for sluttbrukarmarknaden.

### Heimel

Energilova kap. 10, energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3.

### Tilsynsgrunnlag

Energilova § 3-3, energilovforskrifta § 4-4 bokstav e, avrekningsforskrifta §§ 2-1a, 7-2, 7-3, og 8-1, omsettingskonsesjonar, særleg vilkår 3.3, alternativt vilkår 3.6.

## 5.10 Marknadslass for kraftomsetting

### Tema for tilsyn

Nord Pool Spot AS har konsesjon for organisering og drift av marknadslass for handel med elektrisk energi for fysisk levering (marknadslasskonsesjon). NVE kontrollerar at konsesjonären rettar seg etter vilkåra i marknadslasskonsesjonen.

### Aktivitet

NVE følgjer opp Nord Pool Spot AS med fastemøter, samt eigne møter med marknadsovervakainga ved Nord Pool Spot AS. I 2015 hadde NVE 4 oppfølgingsmøter med Nord Pool Spot og fire med marknadsovervakainga.

### Resultat

NVE avdekkja ingen tilhøve i 2015 som gjorde det naudsynt å sette i verk særskilte tiltak eller fatte vedtak ovanfor konsesjonären.

### Vurdering

NVEs vurdering er at Nord Pool Spot ser ut til å ha god kontroll på oppfølginga av handelssystemet for intradag, og at dei er godt budde til REMIT og CACM ved at dei har gjort tilpassingar i aktørreglane for marknadslassen. NVEs vurdering var at Nord Pool Spot oppfylte vilkåra i konsesjonen.

### Utøver av tilsyn

Elmarknadstilsynet, seksjon for engrosmarknaden.

### Heimel

Energilova kap. 10, energilovforskrift §§ 9-2 og 9-3.

### Tilsynsgrunnlag

Energilova § 4-5, energilovforskrift §§ 4-6 til 4-8, marknadslasskonsesjonen.

## 5.11 Utanlandshandel

### Tema for tilsyn

Statnett har konsesjon for tilrettelegging av kraftutveksling med andre nordiske land (utanlandskonsesjon). Vidare har Statnett konsesjon for tilrettelegging av kraftutveksling med Nederland (NorNed-kabelen). I tillegg har Statnett konsesjon for tilrettelegging for import av kraft frå Russland. NVE kontrollerar at Statnett rettar seg etter vilkåra i utanlandskonsesjonane.

### Aktivitet

NVE har jamnlege oppfølgingsmøter med Statnett. Tilsynet inngår i ordinære møter med Statnett som systemansvarleg.

NVE har i fleire år arbeidd med å få implementere tapsfunksjonalitet på NorNedforbindelsen. Hausten 2015 gav nederlandske energimyndigheiter samtykke til at denne vart implementert.

Kapasiten til DC-kablar mot utlandet er viktig for dei som leverar og dei som tar i mot straum. Difor hardetvorekontaktmellomenergimyndigheitene og ansvarlege sentralnettelskap i Nederland og Danmark.

Deitre energimyndigkeitene har og bedt om felles rapportar frå dei tre sentralnettelskapa som gjer greie for Statnett sin praksis for kapasitetssetting på NorNed- og Skagerak-forbindelsane dei siste par åra. Den andre oppfølgingsrapporten vart ferdigstilt desember 2015.

### Resultat

NVE har ikkje avdekt forhold der NVE har sett det naudsynt å følge opp med vedtak.

### Vurdering

I den andre oppfølgingsrapporten frå dei tre sentralnettelskapa vart det undersøkt om bruk av «planlagt mothandel» kunne vere eit tiltak for å avhjelpe behovet for kapasitetsreduksjonar

på NorNed og Skagerak som følge av interne flaskehalsar på Sørlandet. Konklusjonen var at tiltaket gav eit negativt samfunnsøkonomisk resultat. Den siste rapporten er førebels ikkje vurdert av dei tre energimyndigkeitene.

### Utøvar av tilsynet

Elmarknadstilsynet, seksjonforengrosmarknaden.

### Heimel

Energilova kap.10, energilovsforskrifta §§ 9-2 og 9-3.

### Tilsynsgrunnlag

Energilova § 4-2, konsesjonar.

## 5.12 Tariffering/nettleige, anleggsbidrag og tilknytingsplikt

### Tema for tilsyn

Tilsynet omfattar tariffering, anleggsbidrag og tilknytingsplikt.

### Aktivitet

Det vart gjennomført 7 revisjonar i 2015. I tillegg er NVE klageorgan, og behandlar tvistar mellom nettkundar og nettselskap om nettleige og vilkår for tilknyting til nettet. Seksjonen har fatta 47 vedtak i saker der vi har fått klage på nettselskapa si tariffering, krav om anleggsbidrag eller vilkår for tilknyting. Talet på klager er høgare enn normalt, noko som blant anna er resultat av mange klager på krav frå nettselskap om å legge om frå fellesmåling til individuell måling.

### Resultat

Det vart til saman gjeve 47 avvik under dei 7 revisjonane. I snitt fekk kvart selskap 6,7 avvik. Dette er noko høgare en tidlegare år. I tillegg har seksjonen handsama 47 klager knytt til tariffering



Tilsyn i byggefase ved ny kraftleidning over Vefsnfjorden.

og anleggsbidrag. Av dei fekk klagar medhald i 16 av sakene.

### Vurdering

Talet på avvik per selskap har ikkje vore høgare sidan denne type tilsyn starta i 2007. Det kan vere fleire årsaker til det høge talet på avvik. NVE har strama inn praksis, slik at regelverket vert tolka strengare enn tidlegare. Strengare krav innebefatter blant anna at selskapa no må ha skriftlege rutinar, noko som gjer det enklare for kunden å kontrollere at dei vert likebehandla med andre kundar. Skriftlege rutinar gjer det også lettare for NVE å kontrollere nettselskapet sin praksis og påpeike tilhøve som enten er i strid med eigne rutinar eller brot på regelverk.

NVE avdekte fleire brot på regelverket for berekning av anleggsbidrag hjå alle dei kontrollerte selskapa. Det vart også avdekt spesialtariffar som ikkje var grunngjevne med relevante nettforhold.

### Utøvar av tilsynet

Elmarknadstilsynet, seksjon for regulering av nettenester.

### Heimel

Energilova kap. 10, kontrollforskrifta §§ 18-1 og 18-1 a.

### Tilsynsgrunnlag

Kontrollforskrifta del I, II og V.

## 5.13 Økonomisk og teknisk rapportering

### Tema for tilsyn

NVE utfører tilsyn med den økonomiske og tekniske rapporteringa til NVE og SSB (eRapp) frå rapporteringspliktige omsetningskonsesjonærar, for verksemderområda omsetting, produksjon

og nettverksemd. For nettselskapa blir det ført utvida tilsyn med vekt på inntekter, kostnadane samt økonomisk og teknisk informasjon om overføringsanlegg. Denne informasjonen ligg til grunn for den årlege fastsettinga av inntektsrammene og meir-/mindreinntekt for det ein-skilde nettselskapet.

Grunnlaget for tilsyna er økonomisk og teknisk rapportering til NVE og SSB (eRapp), og tekniske verdiar rapporterte i tekniske rapportar (TEK).

### Aktivitet

Årleg ordinær kontroll av 320 selskap med produksjon, omsetting og/eller nettverksemd. Kontrollane gjeld samsvar for inntekter, kostnadane, balanseverdiar m.m., mellom eRapp og selskapa sine offisielle årsrekneskap for rekneskapsåret 2014. Kontrollane skjer automatisk og manuelt ved innlevering til NVE. Innleveringa til NVE innebefatter revisor si stadfesting ved "Avtalte kontrollhandlingar" for rapporteringa i eRapp samt segmentinformasjon gitt i årsrekneskap. Avdekte uklare forhold, merknader eller avvik i rapporteringane blir retta opp av dei aktuelle selskapa. Kontrollen i 2015 omfatta 146 nettselskap (inkludert Statnett SF) og 174 selskap med berre produksjon og/eller omsetting.

Vidare vart det gjennomført revisjonar hos 8 nettselskap med kontroll av økonomiske og tekniske verdiar i eRapp og tekniske verdiar i TEK med hovudvekt på rekneskapsåret 2013.

### Resultat

Årleg kontroll: 685 avvik og 9 merknader, fordelt på 141 nettselskap.

Revisjonar: 63 avvik og 11 merknader.

I samband med årleg kontroll er det gitt 11 varsel om tvangsmulkt for manglende innlevering av eRapp. I tilknyting til stadleg revisjon er det gitt 4 varsel om tvangsmulkt.

### Vurdering

Den årlege kontrollen avdekte ingen særskilde

tilhøve med eit unntak. Dei 685 avvika og dei 9 merknadene gjeld i hovudsak feilposting av økonomiske beløp og manglende informasjon. Fleire av avvika følger av kvarandre. Unntaket gjaldt eit selskaps rapportering av vesentlige investeringar som driftskostnadene. Naudsynte korreksjonar vart gjennomført etter vedtak om retting, som er klaga inn for OED. Endringa i talet på avvik og merknader i 2016 samanlikna med 2015 kjem til dels av endra og fleire kontrollpunkt. 129 av dei 685 avvika gjeld nye kontrollpunktar, mest knytt til manglende vedlikehald av økonomisk anleggsregister og utan verknad av kapital til grunn for inntektsrammene. NVE finn at restrande avvik i liten grad gjeld dei same forhold for same selskap samanlikna 2014.

Ved revisjonar hos nettselskapa vart det funne avvik på enkelte område. Avvika gjaldt hovudsakleg feilføring av inntekter og kostnader på poster innanfor eit verksemrdsområde eller mellom verksemrdsområder i eRapp. Avvika gjeld og feil rapporterte tekniske verdiar for nettanlegg, manglende plan for handtering av meir-/mindreinntekt og dokumentasjon av fordelingsnøklar for felles kostnader og driftsmidlar. Dette førte til at selskapa måtte rapportere inn nye data, og/eller må endre rutinane før neste rapporteringsperiode. Merknadene kjem i hovudsak av mangelfulle rutinar for oppdatering av tekniske verdiar knytte til overføringsanlegg. Rapportering frå selskap som har hatt revisjonar har blitt noko betre. NVE finn likevel at avdekte avvik både frå årleg kontroll og revisjonar gjeld dei same forhold selskapa i mellom. Det vil difor bli auke rettleiing gjennom fleire seminar for bransjen i 2016.

## Utøvar av tilsynet

Elmarknadstilsynet, seksjon for økonomisk regulering.

## Heimel

Energilova kap. 10, forskrift om kontroll av nettverksemd §§ 18-1 og 18-1a.

## Tilsynsgrunnlag

Forskrift om kontroll av nettverksemd del I, II og IV.

# 5.14 Leveringskvalitet og feilanalyse

## Tema for tilsyn

Kontroll av at konsesjonærar med inntektsramme oppfyller krav til leveringskvalitet, feilanalyse og statistikk. Kontrollane blir gjennomførte som revisjonar og kontroll av innrapporterte data for spenningskvalitet og avbrot. I tillegg kjem løpende behandling av klagesaker på leveringskvalitet.

## Aktivitet

Det er gjennomført kontroll av avbrotsdata og spenningskvalitetsdata for 2014 som er rapportert inn innan høvesvis 1. februar og 1. mars 2015. Det har vore fokus på nytt krav om rapportering av avbrotsdata for lågspenningsnettet og rapportering av spenninngskvalitetsdata. Selskap som ikke har rapportert etter forskriften har blitt følgt opp enkeltvis.

NVE har fatta vedtak i to klagesaker innanfor leveringspålitelegeheit i 2015.

## Resultat

19 selskap hadde ikke rapportert avbrot i lågspenningsnettet. 32 selskap rapporterte ikke data frå målingar av spenningskvalitet i 2014.

34 selskap måtte sende inn nye avbrotsdata etter kontroll, 4 selskap hadde ikke rapportert avbrotsdata innan 1. mars og fekk varsel om tvangsmult for rapportering.

## Vurdering

Frå 2014 trådde nye krav til rapportering av avbrot i lågspenningsnettet og spenningskvalitet i kraft. Det var eit høgt tal på selskap som ikkje hadde rapportert avbrot i lågspenningsnettet eller spenningskvalitetsmålingar. NVE har følgt opp selskapa som ikkje hadde levert data, eller kor det truleg har vore underrapportering av data, og forventar at dette vil betre data for 2015 betrakteleg.

I begge klagesakene vurderte NVE det til at dei som hadde klaga hadde opplevd eit høgt tal på avbrot. Samstundes vurderte NVE selskapa sine planlagde tiltak for å betre forsyninga til å være høveleg, og valte å ikkje påleggja selskapa å gjera ytterlegare tiltak.

## Utøvar av tilsynet

Elmarknadstilsynet, seksjon for nettenester.

## Heimel

Energilova § 10-1, energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3, leveringskvalitetsforskrifta § 5-1.

## Tilsynsgrunnlag

Leveringskvalitetsforskrifta,  
systemansvarsforskrifta § 22.

# 5.15 Elsertifikat

## Tema for tilsyn

- Kontroll av at kraftverk som har søkt om deltaking i ordninga med elsertifikat er bygd etter vilkår gitt i konsesjonar eller fritak frå konsesjon
- Prising av elsertifikatkostnad til sluttbrukar
- Kontroll av elsertifikatpliktige
- Kontroll av kvartalsvis rapportering av berekningsrelevant volum

## Aktivitet

Moglege avvik vart avdekt i saksbehandlinga av søknadar om elsertifikat som har kome inn til NVE. Opplysingane om kraftverket vart sjekka mot mellom anna data Statnett har på maksimal produksjon for kraftverket. I tillegg er opplysingar om kraftverket sjekka ved at dei er bedt om å sende inn ulik dokumentasjon.

NVE fører kontroll med aktørar i elsertifikatmarknaden. Mellom anna blir det ført årleg kontroll av elsertifikatpliktige som innløyser elsertifikat. Desse blir sjekka om korrekt tal på elsertifikat vart annullert. I tillegg blir det ført kontroll med om nettselskap rapporterer berekningsrelevant volum til registeransvarleg innan fristen kvart kvartal.

## Resultat

I 2015 har seksjon for verkemiddel og internasjonale rammevilkår og konsesjonsavdelinga starta kontroll av omtrent 150 kraftverk. Nærare 90 kraftverk er ferdig kontrollert medan resten er under kontroll eller framleis ventar på å bli kontrollert. NVE skal gjere ei evaluering av tilsynet i 2016. Først då veit NVE meir om registererte avvik.

Det store talet på kontrollar skyldast den utvida overgangsordninga som tredde i kraft 1.1.2016. Alle kraftverk som har søkt om rett til elsertifikat i den utvida ordninga skal sjekkast av konsesjonsavdelinga.

Av 304 elsertifikatpliktige hadde til saman 3 elsertifikatpliktige ikkje annullert elsertifikat i tråd med elsertifikatplikta. Desse vart pålagt ei avgift for manglande annullering.

## Vurdering

Dei fleste nye kraftverk er bygd etter vilkår gitt i konsesjonar eller fritak frå konsesjon. NVE sitt arbeid med å handtere eventuelle avvik, samt oppdatere informasjonen NVE har om kraftverka, vil fortsette.

Hovuddelen av dei elsertifikatpliktige har annulert elsertifikat i samhøve med elsertifikatplikta, og eit stort fleirtal av nettselskapa rapporterer innan fristen.

### Utøvar av tilsynet

- Energiavdelinga, seksjon for verkemiddel og internasjonale rammer.
- Konsesjonsavdelinga, seksjon for småkraftverk og seksjon for vassdragsinngrep.
- Elmarknadstilsynet, seksjon for sluttbrukarmarknaden.

### Heimel

- Elsertifikatforskrifta § 30 jf § 9, samt lov/forskrift som dannar grunnlag for relevant konsesjon/fritak frå konsesjon.
- Elsertifikatforskrifta § 30, jf §§ 18, 20 og 24.
- Elsertifikatforskrifta § 30 og § 17.

### Tilsynsgrunnlag

Forskrift om elsertifikat § 30.

## 5.16 Prising av sertifikatkostnadene i sluttbrukarmarknaden

### Tema for tilsyn

Kontrollen gjeld plikta som kraftleverandørane har til å la kostnadene til elsertifikat vere eit internt element i prisane på kraft. Det vil seie at leverandørane ikkje kan operere med elsertifikatkostnadene som eit eige element i prisinformasjon og faktura. Særleg gjeld dette prisar på produkta "spotkraft med påslag" og "kraft til innkjøpspris" – to produkt som har fått ein markant større del av omsetnaden til sluttbrukarar dei siste åra.

### Aktivitet

Det er i 2015 gjort kontrollar av nettsidene til 117 norske selskap med levering til sluttbrukarar. Per

1.1.15 utgjorde dette 100 % av denne type aktørar i det norske kraftmarkedet. Til samanlikning var tala 122 i 2014 og 94 i 2013.

Målet med kontrollen er å sjå til at desse selskapa tilpasser seg kravet om å ta inn sertifikatkostnadene i påslaga sine.

### Resultat

I samband med dei 117 kontrollane av internett-sidene vart det avdekkta totalt 3 avvik. Til samanlikning var tala 9 i 2014 og 22 i 2013.

2 av dei 3 avvika i 2015 er korrigert av aktørane i løpet av 2015.

### Vurdering

Alle avvika dreier seg om at leverandøren har nytta elsertifikatkostnaden som eit eige eksplisitt påslag, det vil seie som eit tillegg til selskapet sitt øvrige påslag på kraftprisen i kontraktar som til dømes «elspot med påslag» eller «kraft til innkjøpspris».

NVE vurderer talet på avvik som ei klar forbetring i høve til dei seinare åra.

Nokre av selskapa har framleis ei anna tolking av Forskrift om elsertifikat enn NVE, noko som kan tyde på at forskriften, eller døme/rettleiing kanskje ikkje har vore klar nok frå NVE si side. NVE vil følge opp dette.

### Utøvar av tilsynet

Elmarknadstilsynet, seksjon for sluttbrukarmarknaden.

### Heimel

Forskrift om elsertifikat § 23.

### Tilsynsgrunnlag

Energilovforskrifta § 9-2 og § 9-3.

## 5.17 Miljøtilsyn ved energianlegg

### Tema for tilsyn

Miljøtilsynet si oppgåve i tilknyting til energianlegg er å:

- godkjenne og følge opp miljø-, transport- og anleggsplanar for energianlegg
- kontrollere at utbyggingane er gjorde i samsvar med godkjente planar
- kontrollere at konsesjonærane held seg innanfor tillatne rammer i driftsfasen

### Aktivitet

I alt er det gjort 47 vedtak om godkjenning av detaljplanar for miljø /transport/anleggsplanar. Dei fordelar seg på kraftleidningar (29 planar), transformatorstasjonar (8 planar), vindkraftanlegg (10 planar).

Det er gjennomført 32 stadlege inspeksjonar av konsesjonsgjevne anlegg fordelt på 19 inspeksjonar av kraftleidningar, 6 inspeksjonar av transformatorstasjon og 7 inspeksjonar av vindkraftverk.

Det har ikkje vore revisjonar av energianlegg i 2015.

### Vurdering

Inspeksjonar i byggjefasen av vindkraft og store kraftleidningar har vist at det er behov for oppfølging frå miljøtilsynet. Kontrollbehovet varierer sterkt. Store prosjekt i sentralnettet og vindkraftanlegg krev gjentatt oppfølging i heile anleggsperioden.

Erfaring tilseier at inspeksjonar er betre egna enn revisjonar for tilsyn av energianlegg. Det er ikkje krav om internkontrollsysten for miljø, så ein revisjon vil ikkje ha verknad ut over det konkrete prosjektet.

### Utøvar av tilsynet

Tilsyns- og beredskapsavdelinga, seksjon for miljøtilsyn.

### Heimel

Energilova kap. 10, energilovforskrifta §§ 9-2 og 9-3.

### Tilsynsgrunnlag

Energilova §§ 3-1, 3-2 og 3-5, energilovforskrifta §§ 3-1 og 3-5 bokstav b og d, konsesjonar.

## 5.18 Energimerking av bygningar og energivurdering av tekniske anlegg i bygningar

### Tema for tilsyn


Energimerking av yrkesbygg og energivurdering av tekniske anlegg.

### Aktivitet

Etter avtale med NVE har Norconsult i 2013/2014 kontrollert eit utval yrkesbygg for å sjå om reglane i energimerkeforskrifta, særleg energimerking av yrkesbygg og energivurdering av tekniske anlegg var følgt. Arbeidet vart avslutta i 2014. NVE har på dette grunnlag, i 2015 sendt varsel om tvangsmulkt til dei som ikkje møtte forskriftskrava.

### Resultat

Av eit utval på 81 bygningar var det berre 19 som hadde følgt opp alle pliktene etter forskriften. Eigarane av 61 bygningar fekk tilsendt varsel om tvangsmulkt i 2014 for mangel av energiattest eller rapport frå energivurdering av tekniske anlegg eller både to. Av ulike årsaker vart ikkje prosessen ført vidare før i 2015. Alle som framleis hadde manglar, fekk i juni 2015 nytt varsel. Desse utgjorde 37 bygningar. I oktober og november vart det vedteke tvangsmulkt for manglar ved i



Eit utval yrkesbygg vart kontrollert for energimerking og energivurdering av tekniske anlegg. Dette energimerket viser energikarakter D og lys grønn oppvarmingskarakter.

alt 13 bygningar fordelt på 8 selskap. Av desse vart det gitt tvangsmulkt for 7 bygningar fordelt på 5 selskap. Alle sakene vart avslutta i desember.

### Vurdering

Heile 75 % av dei kontrollerte hadde store manglar. Dette er eit nedslåande resultat. Røynsla frå prosessen i etterkant syner like fullt at dei fleste manglane vart retta opp. I nokre tilfelle var rettleiing viktig, mens trugsmålet om tvangsmulkt nok var viktig mot mange. Tilsynet vil vere ei viktig øving for vidare kontrollaktivitet. Resultatet er publisert som ein nyheitssak. Ein kan vente at slik informasjon i seg sjølv vil gje ordninga merksemde.

### Utøvar av tilsynet

Energiavdelinga, seksjon for energibruk og teknologiar.

### Heimel

Energilova kap. 10, energimerkeforskrifta § 21.

### Tilsynsgrunnlag

Energilova kap. 8, energimerkeforskr. kap. 2 og 3.

## 5.19 Energimerking av produkt

### Tema for tilsyn

Gjennom tilsynet blir det kontrollert at kvitevarer og andre hushaldsapparat overheld dei krav som gjeld med omsyn til opplysningane på energimerkeetiketten samt at etiketten følger utstilte produkt.

### Aktivitet

Det er ikkje gjort butikk-kontollar i 2015.

Laboratoriekontroll vart sett i gong mot slutten av 2013, og vart utført på 10 modellar av såkalla sparepærer, dvs kompaktlysrøy med integrert ballast.

Kontrollane er utført parallelt for økodesign og energimerking. Desse kontrollane måler mellom anna lysfluks (lumen) og effekt (watt). Dei same modellane er også kontrollert med omsyn til produktinformasjon på emballasjen. Kontrollane er utført parallelt for økodesign og energimerking.

Det vart gjennomført dokumentkontroll av 10 ulike modellar TV.

Det har ikkje vore felles nordiske kontollar i 2015, men NVE samarbeider tett med dei andre nordiske lands tilsynsmyndigheter.

### Resultat

Laboratoriekontrollen av sparepærer er avslutta. Av dei 10 gjennomførte kontrollane er det 8 modellar som tilfredsstiller krava. Dei to siste modellane er trekt frå marknaden.

Dokumentkontroll av 10 ulike modellar TV er avslutta i 2015. Samlege 10 oppfylte krava. Leverandørar har fått tilsendt testrapportane, og vidare oppfølging blir ikkje gjort anna enn at ein har blitt gjort merksame på plikta til å ha den rette produkt-dokumentasjon.

### Utøvar av tilsynet

Tilsynet vart utført av energiavdelinga, seksjon for verkemiddel og internasjonale rammer.

Laboratoriemålingar og dokumentkontollar var utført av Teknologisk Institutt, Taastrup Danmark, på oppdrag frå NVE.

### Heimel

Lov om merking av forbruksvarer § 3. For ulike kategoriar av hushaldsapparat ligg det føre eigne forskrifter for gjennomføring av direktiv 92/75/EØF om energimerking.

## 5.20 Økodesign – sparepærer og TV

### Tema for tilsyn

Gjennom tilsynet blir det kontrollert at energirelaterte produkt som er omfatta av økodesignforskrifta overheld dei spesifikke krava til miljøvennleg utforming.

### Aktivitet

Kontrollane er utført parallelt for økodesign og energimerking. Det er i 2015 ikkje gjort butikk-kontrollar.

Laboratoriekontroll vart sett i gang på slutten av 2013, og vart utført på 10 modellar av såkalla sparepærer, dvs. kompaktlysør med integrert ballast. Desse kontrollane måler mellom anna lysfluks (lumen) og effekt (watt). Dei same modellane er også kontrollert med omsyn til produktinformasjon på emballasjen. Kontrollane er utført parallelt for økodesign og energimerking.

Det vart gjennomført dokumentkontroll av 10 ulike modellar TV.

Det har ikkje vore felles nordiske kontrollar i 2015, men NVE samarbeider tett med dei andre nordiske lands tilsynsmyndigheter.

For kjølehjørne vart det i 2013 fatta tre vedtak om omsetningsforbod. Alle vedtaka vart påklaga. Vedtaka vart gjeve oppsettande verknad. Klagesaka er sendt departementet for handsaming.

### Resultat

Laboratoriekontrollen av sparepærer er avslutta. Av de 10 gjennomførte kontrollane er det 8 modeller som tilfredsstiller krava. To modeller tilfredstilte ikkje krava og er trekt frå marknaden.

Dokumentkontroll av 10 ulike modellar TV er avslutta i 2015. Alle 10 oppfylte krava. Leverandørar har fått tilsendt

testrapportane. Vidare oppfølging gjerast ikkje, anna enn påpeiking av plikt til å ha rett produktdokumentasjon.

For kjølehjørna er sakene ferdig handsama av Olje- og energidepartementet. Ein av produsentane fekk medhald i klagen. Dei to andre måtte bringe produkta i samsvar med krava.

### Utøvar av tilsynet

Tilsynet vart utført av energiavdelinga, seksjon for Seksjon for verkemiddel og internasjonale rammer.

Laboratoriemålingar og dokumentkontrollar var utført av Teknologisk Institutt, Taastrup Danmark, på oppdrag frå NVE.

### Heimel

Lov om merking av forbruksvarer § 3. For ulike kategoriar av hushaldsapparat ligg det føre eigne forskrifter for gjennomføring av direktiv 92/75/EØF om energimerking.

### Tilsynsgrunnlag

Økodesignforskrifta kap. 2 og 3.



Inntaket til Urke kraftverk i Møre og Romsdal.

# 6. Omgrepa avvik og merknader

## Avvik

Avgjerande for tilsynsverksemda til NVE er kva som skal kontrollerast, og kva det eventuelt skal reagerast mot. NVE har i sin tilsyns- og reaksjonsstrategi definert dette ved hjelp av omgrepet avvik.

"Avvik er brudd på krav gitt i regelverk og tillatelser gitt i eller i medhold av energi- og vassdragslovgivningen og eventuell annen lovgivning NVE forvalter."

NVE kontrollerer altså krav som myndighetene har sett i lover og forskrifter og ved enkeltvedtak, men ikkje krav verksemdene har sett til seg sjølv.

Ved eit tilsyn ser ikkje NVE det som eit mål å framstille ei sak slik at det blir flest mogleg avvik. Vi vil for eksempel ikkje seie at det er to avvik sjølv om eitt funn er i strid med fleire forskrifter, som for eksempel der eit selskap bryt både dei generelle føresagnene om nøytralitetsplikt for nettselskap i energilovforskrifta, og dei detaljerte reglane om nøytralitet i avrekningsforskrifta. På den andre sida vil brot på fleire føresegner i ei og same forskrift resultere i fleire avvik.

Det er òg verdt å merke seg at det ikkje treng å vere nokon samanheng mellom talet på avvik og alvoret i saka. For eksempel kan det vere meir alvorleg at eit selskap får eitt avvik knytt til at selskapet ikkje har etablert eit system for internkontroll for vassdragstiltak, enn at eit anna selskap får tre avvik knytt til ulike manglar i det eksisterande internkontrollsystemet.

## Merknad

I ein del saker kjem NVE i tilsynsverksemda si over forhold som ikkje er brot på myndighetskrav, men som NVE meiner verksemda bør gjera merksam på, og ta stilling til om dei skal gjere noko med. I NVE sine styrande dokument for tilsyn og reaksjonar (dokument 2-2010) er slike situasjonar omtalte på denne måten:

"Anmerkning er en påpekning av forhold med forbedringsmulighet eller et forhold som bør vurderes nærmere av virksomheten, men som ikke er brudd på krav gitt i eller i medhold av energi- og vassdragslovgivningen."

Føremålet med å gje merknader er å bidra til forbetringer i verksemda til selskapa. Bruk av merknader er avgrensa til påpeikningar av forhold som på sikt kan føre til avvik. NVE bruker ikkje merknader ved vurderingar av om eit selskap bør få reaksjonar.

# 7. Heimlar og tilsynsgrunnlag 2015

## Vassdrag

### **Vassdragsreguleringslova**

LOV 1917-12-14 nr. 17: Lov om vassdragsreguleringer

### **Vassressurslova**

LOV 2000-11-24 nr. 82: Lov om vassdrag og grunnvann

### **Damsikkerheitsforskrifta**

FOR 2009-12-18 nr. 1600: Forskrift om sikkerhet ved vassdragsanlegg

### **IK-vassdrag**

FOR 2003-02-21 nr. 199: Forskrift om internkontroll for å oppfylle lov om vassdrag og grunnvann

## Energiforsyning

### **Energilova**

LOV 1990-06-29 nr. 50: Lov om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m.

### **Energilovforskrifta**

FOR 2015-05-04 nr. 429 Forskrift om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m.

### **Kontrollforskrifta**

FOR 1999-03-11 nr. 302: Forskrift om økonomisk og teknisk rapportering, inntektsramme for nettvirksomheten og tariffer

### **Avrekningsforskrifta**

FOR 1999-03-11 nr. 301: Forskrift om måling, avregning og samordnet opptreden ved kraftomsetning og fakturering av nettjenester

Endret med: FOR 2015-06-12 nr. 705

### **Rasjoneringsforskrifta**

FOR-2001-12-17 nr. 1421: Forskrift om planlegging og gjennomføring av rekvisisjon av kraft og tvangsmessige leveringsinnskrenkninger ved rasjonering

## **Systemansvarsforskrifta**

FOR 2002-05-07 nr. 448: Forskrift om systemansvaret i kraftsystemet

## **Beredskapsforskrifta**

FOR 2002-12-07 nr. 1157: Forskrift om forebyggende sikkerhet i energiforsyningen

## **Energiutgreiingsforskrifta**

FOR 2002-12-16 nr. 1607: Forskrift om energiutredninger

Endret med: FOR 2012-12-07 nr. 1158.

## **Leveringskvalitetsforskrifta**

FOR 2004-11-30 nr. 1557: Forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet

## **Elcertifikatlova**

LOV-2011-06-24 nr. 39: Lov om elcertifikater

## **Elcertifikatforskrifta**

FOR-2011-12-16 nr. 1398: Forskrift om elcertifikater

## **Forskrift om opphavsgarantiar for kraft**

FOR-2007-12-14 nr. 1652: Forskrift om opprinnelsesgarantier for produksjon av elektrisk energi

## **Naturgasslova**

LOV-2002-06-28 nr. 61: Lov om felles regler for det indre marked for naturgass

## **Naturgassforskrifta**

FOR-2003-11-14 nr. 1342: Forskrift til lov om felles regler for det indre marked for naturgass

# **Energimerking og energibruk**

## **Lov om merking av forbruksvarer**

LOV 1981-12-18 nr. 90: Lov om merking av forbruksvarer mv.

## **Merking av hushaldsapparat**

FOR 1996-01-10 nr. 16: Forskrift om angivelse av husholdningsapparaters energi- og ressursbruk ved hjelp av

merking og standardiserte vareopplysninger og diverse gjennomføringsforskrifter for de ulike husholdsapparater

### **Energimerkeforskrifta**

FOR 2009-12-18 nr.1665: Forskrift om energimerking av bygninger og energivurdering av tekniske anlegg

### **Produktkontrollova**

LOV-1976-06-11 nr. 79 Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester

### **Økodesignforskrifta**

FOR-2011-02-23 nr. 190 Forskrift om miljøvennlig utforming av energirelaterte produkter

### **Energimerkeforskrifta for produkt**

FOR-2013-05-27 nr 534: Forskrift om energimerking av energirelaterte produkter (energimerkeforskriften for produkter)

### **Rapporteringsplikt for kraftleveringsavtaler**

FOR 2015-03-09 nr. 184: Forskrift om rapporteringsplikt for kraftleveringsavtaler

### **Økonomisk og teknisk rapportering, inntekstramme for nettvirksomhet og tariffer**

FOR 1999-03-11 nr. 302: Forskrift om økonomisk og teknisk rapportering, inntekstramme for nettvirksomhet og tariffer

Endret med: FOR 2015-12-04 nr. 1408

I tillegg kjem konsesjonar og andre enkeltvedtak som er gitt i det regelverket NVE forvaltar, og avtalane om å fremje effektiv bruk av energi i energiintensiv industri.



Norges  
vassdrags- og  
energidirektorat



Norges vassdrags- og energidirektorat

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 Oslo

Telefon: 09575  
Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)